

# Vestmannen

Utgjevar: Vestmannalaget, Bergen

Bladstyrar : Jostein Krokvik,  
              : 6143 Fiskåbygd  
Telefon     : (070) 21 429  
Forretningsførar : Helge Liland  
              : 5065 Blomsterdalen  
Postgiro    : 4 25 63 92  
Bankgiro    : 8401.21.430297

6143, Fiskåbygd, 15.12.1991

Gode Lars Bjarne Marøy.

Takk for brev med mange forvitnelege tankar. Eg trur du er inne på noko sers viktigst når du dreg fram at det trengst eit norskrøtt daningsideal i målvegen. Noko anna daningsideal - d.e. mynstergildt mål - enn det klassiske nynorske skriftmålet, trur eg ikkje finst i det heile. Det imatte i slike fall nærast vera gamalnorsk, men det ligg for langt frå dagsens røynde mål, meiner eg. Det offisielle skriftmålet hev vore på rek sidan 1938; dei vatnar det ut og blandar det upp; og eit ideal som er i uppløysing, drivande for vind og ver, er ikkje noko ideal i det heile (i det siste hev det i skule og på anna offentleg hald vore aukande skyn for dette).

Eg tykkjer "Mål og vanmæle" hev fenge ei betre mottaking enn eg venta, og eg er korkje støytt eller krenkt av det målsynet eg vart tillagd i "Norsk Tidend". Eg ringde til Oddmund Hoel på NMU-kontoret i Oslo, og han fortalte at namnet hans hadde kome inn ved eit reint mistak i bladstyret. Det er Bård Eskeland som hev skrive stykket. Når eg i tittelen vert utropa til "målanarkist", er det heller ikkje artikkelskrivaren som er andsvarleg, men dette er lagt til i bladet. Ja, ja. Eg reknar meg både for liberal og anti-autoritær, men målanarkist er eg no ikkje. I ei melding av Ivar Grimstad i "Sunnmørsposten" vart det nemnt at um eg vel sjølv reknar meg for norskradikal, vil sume andre, med "Mål og vanmæle" i tanke, truleg rekna meg for reaksjonær.

Elles står eg på svært god fot både med Ivar Grimstad, Bård Eskeland og Oddmund Hoel, og eg klagar ikkje på det noøkon av dei finn ut at dei vil skriva. Den som med vitande og vilje set foten i ei kuefsebol, må elles tola eit og anna stikket. Og for Norsk Bokreidingslag som skal selja boki, er all umtale å rekna for god umtale. Det verste som kann henda med ei slik bok, er at ho vert nedtagd. Det vart for mykje um meg og mitt, dette, men sidan du spurde, hev eg prøvd å klåra upp korleis eg ser på det som var skrive i "Norsk Tidend" og EG, og kven som skreiv det. Du hev heilt rett i at eg vil fremja høgnorsk og i-mål, men ikkje stengja ute a-målet.

Eg las med ettertanke det du skriv um presentasjonen av Jan Prahl. I grunnen ynskte eg korkje forsvara eller lasta Prahl, berre skriva so sakleg som råd var um kven han var og kva han stod for. Men Prahl hev vor tolleg einsidugt påhakka i meir enn 100 år - og den som steller seg på ei

utpost i målreisingssoga lyt gjerne rekna med eit slikt ettermæle.  
Men kanskje er det no snart tid til ei noko rolegare og meir  
jamvektig umdøming?

Dette vart visst langt nok, og um du etter opplysningane her i  
brevet vil koma med merknader til bokmeldingane, må du avgjera  
sjølv. Etter det som er opplyst meg, kjem det truleg ei liti retting  
i næste nummer av "Norsk Tidend" um meldingi der.

Takk for 1991. God jol og godt 1992!

Vensam helsing

Fossum

# Vestmannen

Utgjevar: Vestmannalaget, Bergen

Bladstyrar : Jostein Krokvik,  
              : 6143 Fiskåbygd  
Telefon     : (070) 21 429  
Forretningsførar : Helge Liland  
              : 5065 Blomsterdalen  
Postgiro    : 4 25 63 92  
Bankgiro   : 8401.21.43027

Gode Lars Rjarne Marcy.

6143, Fiskåbygd, 9.6.1991

Talkt for brev som kom før ei stund sidan og son og lag med stor hugnad. For å komma inn på det siste i brevet mitt fyret. Og ser gjerne at Vestmannen markerer seg derom det kjen i seng myndskikkelse på Løkkesving Gynn e. Truleg lyst det gjeraut horifra, og eg vil i tilfelle ha bruk for hjelpe med å få tilskrift av elevtal. Det ikke er framifra.

Dei kritiske meiknadeine dine til føregrunnsföllag og underordnandeinnehmer i garden, sjanse og godt. Den kritiske er det vortet minsa at dit lag som føregrunnsföllag freistir gaudiu alldeles alltid og romar det meste - både myndskikk og personlakk og vartnemn - og det vert det lett til at laget vart nua bude kvæsse kantar og klare meininger. I tillegg hev du rett samordnungsstyring gjort sågo i allmønstolk - i je minst minstefolkt - tilvistle for at budjor og vegje noho sjeldset noko legg da det ikke skulle ver ha voldsaki, sjølv om det med øyverst r, formverk og boygning verk. Verken med visselteide nede og alvorligket samordnungsstyring framleis nöt. Det skal minna om vi senteje myndskikkelsen ligg ut som verk.

Likoval tykkjer og at støta hev vorte grunnlegginga umund til det betre frå kring midten av desember.

Det var litt nedslukande å leva det du har i Norge og Föllag. Men i prunden hev eg ikkje venta so sent av jo tertira. Eg ventar meir frå Vestlandske fylkingdom, og det ville ver min en justsjøleg nei eit eller anna slags samarbeid, formelt eller uformelt, mellom VNU og vestmennene. Det hev i NNU er liit myt alle er det sjeldri brukte klarskisk nordisk med i-ill, kann eg nok skryna. Det er også reile for å ta ut taktikkelege nye medlemmer som er pverfor med det offisielle og det i staten. Janifer innleigjet NNU - ein polittreverk organisasjon i NG ar. S. Men dette innleigget er det fyrste og einaste i litt lang tidsrane vir! For din part hev eg venta mange like innlegg - men dei hev ikkje komme! Eller seinare, og det oftast er ei direkting i late verkt i-mal - når ein elles vil fremja domen aforai. Ein kryt ikke ein vinnar meir boygji seg for den ruse vanen.

utpost i målreisingssoga lyt gjerne rekna med eit slikt ettermåle.  
Men kanskje er det no snart tid til ei noko rolegare og meir  
jamvektig umdøming?

Dette vart visst langt nok, og um du etter opplysningane her i  
brevet vil koma med merknader til bokmeldingane, må du avgjera  
sjølv. Etter det som er opplyst meg, kjem det truleg ei liti retting  
i næste nummer av "Norsk Tidend" um meldingi der.

Takk for 1991. God jol og godt 1992!

Vensam helsing

*Kostheim Moland*

Bergen 12. oktober 2001.

Til Stjorni i Vestmannalaget  
v/ Stjoren Jon Askeland,  
Bergen.

Om bladet Vestmannen  
og um Vestnannen-rekneskapen for år 2000.

Frå formannen i Vestmannalaget hev eg se ge yvergend nekneskapen for Vestmennen for år 2000, den som ikkje låg fyrre på møtet i laget 20. september. Eg viser til ordskiftet på møtet, og til det samrøystes ved aket um utdryggjing. Stoda for bladet er no so faretru-trugande at eg ser meg nøydd til å koma med framlegg som eg bed stjorni vurdera. Og det lastar. Difor kjem eg med konklusjonen først.

1. Eg gjer framlegg um at rekneskapen ikkje kan godkjennast.

2. Bladpengane for Ves-mannen må arkast frå komande årsskifte til krø 200,-, og kr. 150,- for studentar. Summen og næsten 2000 uppmoda eg i telefonen formann og bladstyrar La s òjarne Nørøy fleire gonger um å auka bladpengane. Men eg valde for døuve øyrar, og han neande ikkje eit ord um det i sjorni.

3. Stjorni må snakast taka ei grundig vurdering av bladet og styringi av det, og av rekneskapsforsla. Med i den vurderinga må vera um det kan halda fram med den bladstyraren og den forrenningsføraren som no gjer tenesta. Det same gjeld den valde ettersynsmannen. Fleidet treng ei fornying med andre folk, og det lastar.

So langt framleggi.

Når eg for første gong tillet meg å koma med so revolusjonere tankar, so er bakgrunnen millom anna at eg var stjore i Vestmannalaget då bladet vart skipa. Idegjevar var forfattaren Jostein Krokvik, og ideen var storfeld og lovande. Me skulde få eit nytt blad med eit gammalt og velkjent namn, og bladet skulle skrivast på klassisk norsk, på Aasen-mål, det einaste bladet i landet med der fyreløsa. Ne dryfte Krokviks plan i sjorni, og me var underlag samde. Ven Arne Holm som er gammal bankmann sa at me må trygga oss minst 500 tingalar fyrr me gjeng i gang, det må vera eit vilkår. Me gjekk i gang med fyrehandstilling,

og nådde det målet. No gjeng bladet i 17. årgangen og lev fenge mange lovord. Men i dei seinste par år hev det minka både på lovordi og på gavone til bladet.

Grunnane til dette er mange. Bladet hev ein forretningsførar som aldri fekk rekneskapen ferdig til årsmøtet i laget. Kvar gong vart det utdrygjing til møtet i laget etter årsmøtet. På årsmøtet i Vestmannalaget 28. april i år vart rekneskapen ikkje lagd fram. Det vart utdrygjing. Og på fyrste møtet etterpå, 20. september, kom rekneskapen neller ikkje. Den valde revisoren John Marhaug fortalte at det ikkje var mogeleg å finna ut kva år bladengane var lagde for (um det var for 1999 eller for 2000). Men det skulde dei nok finna ut av seinare, sa han, og han tilrådde at møtet godkjende rekneskapen. Eg tok straks ordet og sa at saki må utdrygjst, her er ingen rekneskap. Og formannen sa seg sand i det. Dermed vart ein kuffert slepen i eit bord med stor kraft, og rekneskapsføraren spragg på dør. Det same hev han gjort i mange år tidlegare når det kom spurnader um tal i rekneska en. Ne kan ikkje halda fram med soveri framferd i eit vyrdeleg lag som Vestmannalaget. Til neste årsmøte må Vestmannen difor ha ein annan rekneskapsførar.

No etter møtet hev eg fenge yversendt rekneskapen frå formannen. Han er kome til formannen frå revisor John Marhaug. Skrivet frå revisorer er radt utruleg. Han skriv at resultatrekneskapen er "framlagt av styret for bladet". Og han hev dagsidet brevet 20. september. Same kvelden - 20. september - sa han på møtet at rekneskapen ikkje kunde leggjast fram, for han hadde att granskningar. No skriv han at han hev "gjenomført dei revisjonshandlingane som eg har funne naudsynlege", og han tilråden "at ein godkjenner rekneskapet og årsoppsjjeret".

På møtet 20. september hadde han ingi utskrift med seg; men 20. september (same kvelden!) hev han alt klårt til godkjenning. Kan han ha gjort det arbeidet same kvelden siden han skriv 20. september? Og korleis kan revisoren skriva at rekneskapen er "framlagt av styret for bladet"? Styre for bladet er - som kjent - stjorni i Vestmannalaget. Stjorni kjend ikkje rekneskapen på møtet 20. september. Kan laget halda fram med ein revisor som gjev so urette opplysningar?

Rekneskapen syner eit ende skot på kr. 20.596,12. Eg vil koma med nokre merknader til bakgrunn for at eg tilråder stjorni å gjera framlegg til laget um at rekneskapen ikkje kan godkjennast:

Innkomne bladpengar hev minka frå 62.700 kr. i 1999 til 56.227 kr. i 2000. Løner hev auke frå 0 til 50.205 kr. Gåvor til bladet hev minka frå 23.335 kr. til 21.550 kr. Det grovaste er kanskje likevel at lysingsinntekta til bladet var 300 kr. i 1999 og 220 kr. i 2000. Det er radt utruleg at ingen hev slege alarm etter sovorne tal.

Um Gåvor viser eg til at det i bladet nr. 3 for 20. mars i år stod at "Gåvelista kjem i nr. 4". Då vissle bladstyraren a det vilde gå 2 månader fyrr " neste nr." skulde koma (avdi det ikkje kje blad i april). Og han burde vita at ei gåvelista i bladet kan minna andre om å senda gåvor. No hev me upplift at det er slutt med dei lange gåvelistene. I nr. 6 for 20. august i år vart meldt um ei gåva, på 150 kr. I nr. 7 som hadde gjort eit hopp fram til 15. oktober var det ikkje ei einaste. Er det heilt slutt med gåvone no, og er det dette svaret frå tingane på kva dei tykkjer um det bladet dei no fer? Eller er det fordi bladstyraren ikkje tek seg tid til å sjå etter på innkomne giroblankettar, dei som no gjengz til han? Er det slutt med gåvor, eller er det avdi den bladstyraren som tek imot bladpengane ikkje ser etter? Stjorni bør reisa spørsmålet, og krevja svar.

Lysingsinntekta på 220 kr. er likevel det verste. Alle leserar av bladet veit at Kredittkassen hev ei fast lysing i bladet, og at det er den einaste. Ei smålysing hev altso vore upregjord med 220 kr. Bladstyrar Jostein Krokvik hev opplyst til meg i telefonen at han ved bladstyrarskiftet vitra Lars Bjørne Marøy um at Kredittkassen vil ha reking på slutten av året, og søknad um ny avtale for nytt år. Ingen ting av dette kan vera gjort. Og ingen, heller ikkje revisor, hev reagert.

#### Uppsegjingsbrevet frå den gamle stjorni.

Eg tykkjer at stoda for Vestmannen no er so færetrugande at eg hev funne det rett å senda kopi av det brevet som Jostein Krokvik fekk 12. september 2000, um eit møte som stjorni hadde hatt 2. mai same året. Stjorni hadde venta i 4 månader med å senda melding um at Lars Bjørne Marøy

var sett til ny bladstyrar med løn 30.000 kr. i året, og løni til forretningsførar Helge Liland var auka til 10.000 kr. Skrivaren Rjørn Tormod Ringdal og varsformannen Harald Linga hadde skrive under på det brevet som dei tok so lang tid å skriva, og dei opplyste at Marøy og Liland hadde "vore på gjengen" då vedtaket vart gjort, men at Marøy hadde godeke løn på 3000 kr. for kvart nømmer.

Etter at dette var kjent, kom rekneskapen umsider fyre på eit la smøte. Eg spørde um sumt må, men korkje formann og bladstrar Marøy eller andre i stjorni kom med ei einaste upplysing um kva dei hadde gjort. Alt skulde tilsynsleitande haldast ukjent for laugsfolki.

I same brevet vart Krokvik beden um å take imot bladpengeone som fyrr, og å senda løn til Marøy. Eg viser til at Krokvik i brevet sitt til meg fortel at han - fyrr han fekk uppsegjingsbrevet 12. septbr. 2000 - hadde tala med Marøy i telefonen mange gonger i juli og august 2000, men aldri hadde høyrt eit ord um vedtaket som stjorni hadde gjort 9. mai det året. Dei ser also ut til at alt skulde gå i duldo.

No kjem eg til dei eg nevnde um lysinger i bladet. I brevet som ikkje er dagsett skreiv Ringdal og Linga: "De vil og freista å skaffa lysingsinntekter. Når me no hev rekneskapsførar og bladstyrar på same stad vert det lettare å samarbeida og samråda seg i desse saken".

Det er no gjenge eitt år og fire minader sidan 9. mai 2000, og ikkje ei einaste lysing er sanka! Det er ikkje eingong gjort tiltak til å nya oppatt den faste <sup>ly</sup>syngi som Kredittkassen hev gåande i bladet. Og det er ikkje kome oppgjerd frå Kredittkassen.

Eg tykkjer at stjorni, som også er styre for bladet, måtte få desse upplysningane. Eg er forfurd over den gamle stjorni; men eg vil delvis fritaka dei nye i den gamle stjorni: Harald Trefull, Sibjørn Aun og Harald Linga. Dei visste for lite um tilhøvi fyrr dei kom med i stjorni, og dei hev høyrt på Marøy og fylgt honom. Dei two som hadde vøte i stjorni frå fyrr burde ha sagt ifrå.

#### Innhaldet i Vestmannen

etter bladstyrarskiftet var eg so vidt inne på både på årsmøtet i april

og på lagsmøtet no 20. september. Eg hev etterlyst kva tingarane me.ner um bladet. I nokre nummer var det nagi av yvergangar fr. ei sida til ei onnor, utan s. nleg merkjing med titelen på yvergangsartikkelen. Det var so rotut at Vestmannen sette føregrekord i rot. Dei sere lange artiklane er det no altfor mange av. Rekorden vart sett i siste numret, nr. 7 som er dagsett 15. oktober, medan det ikkje kom blad i juli og september. I oktoberbladet er ein artikkkel av Johannes Volle, det er artikkkel II (artikkkel I stod tidlegare), og artikkkel II gjengjiver noko yver 5 av dei 16 sidone i bladet. Ifall bladstyraren vil ha uposeggingsar på bladet, bør han taka inn fleire artiklar av same lengd. Det er drepaude for eit blad på 16 sider. Artikkelen er opplysysande, all fra til valaren Johannes Volle. Men han brukar både a-endingar og e-infinitiv. Og det er ikkje Vestmannen-mål. Fleire av dei hine som no skriv i bladet heldt seg òg til a-mål. Det bør ikkje verta so at dei er i fleirtal i bladet. For programmet for Vestmannen er klårt nok.

Lat meg også åtvara imot å brukar so uskarpe biletar som det av Gustav Indrebø og det av Arne Hørge no i oktober-bladet. Og so eit spørsmål: Ar stjorni vitra um at det skal koma eit nummer mindre i år enn dei ti som er vanleg? Det er 2 månader a t av året. Nr. 7 kom i oktober, me. november og desember vert det ni nr. i år, i staden for ti.

Det kan heller ikkje halda fram med å dagsetja bladet til 20. i måneden, medan dei kjem ikring den 10. i månaden etterpå. For orsaki til det er at prenteverket før tilfanganget for seint ifrå bladstyraren.

#### Vestmannalaget og bladet.

Vestmannalaget tok for 17 år siden på seg å vera utgjevar og andsvarleg for Vestmannen. Det vrt og avgjort at stjorni i laget skulle vera stjorn for Vestmannen. Jostein Krokvik var i si lange bladstyrartid vaken for dei som hende i la et. Han gav att årsmeldingar, han hadde opprit frå årsmøte og andre møte i la et, og han gav plass til lagsfolk og andre som hadde "runde" dagar. Med Tørs Bjarne Farøy til bladstyrar tok dette ein brå slutt. I 2000 heldt Vestmannalaget two årsmøte, etter at lagsfolk hadde gjort krav um nytt møte. Det vart referert i dagspressa og vekte åtgjau.

Men i Vestmannen - som Vestmannelaget gjev ut - svol det ikkje eitt ord um dette. Tingarane av bladet fekk ikkje vite noko um dei toa stut. Årsmøtet 28. april i "r d" 1. jet skifte formann og fekk nr. nye i sjorni vart heller ikkje nemnt med eit ord. Det einaste som tydde på sjornabyte var at namnet til Tor Aaseland kom på lista over tillitsmenn i laget, den som stend på side 3 i Vestmannen.

24. februar i År heldt Vestlandske Mildeg og Ivar Aasen-Sambandet årsmøti sine i Tørgen. Det er sers n rskylde lag til Vestmannalaget. Ja, laget er med i dei bæ. Og på dei møti var dei gode dryftingar, serleg i Ivar Aasen-Sambandet. Men i bladet som Vestmannelaget gjev ut kom det (i nr. 3 for mars i år) toa stut e meldinger som for alde um kven som kom med i dei nye styri (attval av alle i Vestlandske Mildeg, nokre nye og nokre attvalde i Ivar Aasen-Sambandet). Ikkje sitt ord om kva desse lagi (eit fylkeslag og eit landslag) hadde arbeidt med i dei farne året, og ingen ting um kva som kom fram i ordskiftet, eit ordskifte som serleg formannen Dag Hagen Berg gav klare og gode svar på.

Nette kan ikkje tolkast onnorleis enn at bladstyrer "røy" meiner at lagi våre - Vestmannelaget medrekna - skal arbeida i dildø. Folk greng ikkje vita noko um kva me steller med. Laget skal tegjast i hel

No må laget setja av ein møtekveld der me dryfter um dei er soleis me ynskjer det. Tilmed det handskrivne bladet Tussekallen som hev so rik tradisjon - serleg etter Olav Hammer - hev taum i året som gjekk.

Indrebøs Norsk "Alsoga" skal koma i ny utgåva i år. I det verket og um mannen som skapte det børde Vestmannen ha hatt ein stor artikkkel.

Den kunde gjerne ha gjege over 5 sidor!

Til slutt strikar eg under at den sjorni som hev sagt sådan årsmøtet 28. april i ikkje kan lastast. Kritikken gjeid den sjorni som fekk avløsing då. Men det vert noverande sjorn som må rydja upp både i bladstyring og i rekneskapsstyring og revisorarbeid. Det er difor eg hev teke denne attersyni. Vi kan ikkje halda fram med at Fritz Konrad Waller Fond skal halda uppe både legsdrift og bladdrift. Det ver ikkje det Walle meinte med den rauste gáva han gav laget i ervebrevet sitt.

Ed. helsing  
Åndalsnes  
indalsnes

Jostein Krokvik  
61434 Fiskåbygd

26. januar 2000

Til formann og stjorn i Vestmannalaget.

### **Bladstyrarskifte – hastesak**

Av helsegrunnar hastar det med denne saki, for å hindra at bladet utan nærmere varsel ein dag stend utan bladstyrar. Eg hev nokre framlegg til små justeringar i fyresegnene som må opp både i stjorn og på årsmøte 2000. Nokre justeringar hev synt seg ynskjelege etter kvart, eller dei hev vore praktisera i mange år utan bokstavheimel (som redaksjonsmålet, § 2, og bladstyrarumbod med andsvar for forretningsdrifti, § 4).

§ 2. Redaksjonsmålet bør vera eintydeleg fyresegnsfesta, utan grunnlag for burttolking.

§ 3. Eg hev alltid meint at bladstyraren må ha sjølvskriven plass i bladstjorni (dvs. stjorni når ho drystar Vestmannen). Dette var regelen i det mange gonger større Norsk Barneblad, innførd av kapasiteten Andreas Haavoll. Det var òg regelen for det lokale sogelagsbladet, der eg ei tid var bladstyrar. Det verkar sers fint, for stjorni (utanum bladstyraren) er stundom mindre kjend med sumt som gjeld bladet/bladdrifti. I mi tid hev det likevel ikkje vore noko sakn, sidan eg med fråstanden til Bergen snaudt hadde fenge høve å vera med på møti i bladstjorni. Men dette kann brigda seg med ein ny bladstyrar.

§ 4. Eg trur einkvan frå fyst av hev blanda i hop ordi forretningsførar og rekneskapsførar. Forretningsførar er den norske avløysaren for disponent, og eg hev i lange tider hatt denne funksjonen attåt bladstyringi (procura, rådvelde yver bankkonti, tinging av t.d. girokort, konvoluttar, papir, brevkistef, dekkjing av reknigar o.l.). I eit lite blad som Vestmannen trur eg det er best at desse two funksjonane ligg hjå same person. I fyrstningi fungera den noverande rekneskapsføraren (Helge Liland) til dels som forretningsførar, men dette fall ikkje berrre heppeleg ut, endå meir, kanskje, med den store fråstanden millom Bergen og Sunnmøre. For meg hev arbeidet med forretningsførsla vore gagnleg, det gjev umframt innsyn i økonomien til kvar tid.? Bladstyraen kann ha både funksjonane utan at det er sagt i fyresegnene, men uppgåvone må iallfall vera klare for ein ny bladstyrar.

I § 4 er nemnt at bladstyraren kann knyta ei skriftnemnd på eit par dugande personar til bladet. Med rette folki kann det vonleg verta til hjelp og avlasting for bladstyraren. (Men dette òg kann fungera utan fyresegnsfesting).

Justeringsframleggi byggjer på at Vestmannen vert som no, med Vestmannalaget til utgjevar. Presserande er defineringa av redaksjonsmålet.

Eg hev skrive inn all tekst i bladet på data (Mac. Word 6.0.1) (frårekna det som er kome på diskett). Vidare hev eg plassera teksti på sidone og teikna utformingi av kvar sida («layout»). Dessutan hev korrekturelesing og føring og justering av tingarregisteret med utskriving ut adresse-elukettane for kvar bladutsending lege til bladsyraren. Dette hev spara bladet for utlegg, men det kostar tid, og um ny bladstyrar hev høve til det, er uvisst.

Det heiter i § 4 at Stjorni i Vestmannen tilset bladstyrar, og i mitt tilfelle hev det vore ei tilsetjing utan tilbod (eller krav) um løn. Eg hev fenge ein sum (sise åri kr 6000) til kontorhald (dekkjing av telefon, porto o.a), og eg hev dertil fenge ei årleg gåva (kr 12 000 var det vel sist). Same kven ein måtte finna til bladstyrar, vert det trong til ein god slump uppotringsvilje, dugnadsånd og idelisme. Tilsetjing på vanlege kommersielle vilkår, hev det so langt ikkje vore økonomisk grunnlag eller inntening for. Eg kunde tenkja meg at ny bladstyrar får tilbod um kr 24 000 eller litt meir årleg for *kontorhald* (utan bruk av ordet løn som straks fører til implisjonar på både kantar).

Um det hadde vore ei onnor stoda, var det naturleg å analysera utgjevingsskipnaden. Vestmannalaget er eit lokallag for Bergen, og Vestmannen hev vorte eit blad med større nedslagsfelt og med bod til andre kantar av landet. Burde Vestmannalaget utvida utgjevarandsvaret – t.d. med Ivar Aasen-sambandet og Norsk Bladmennalag?

Sidan helsegrunnar tvingar fram bladstyrarskifte no, meiner eg det viktigaste er å finna ein skipnad som held bladet uppe. So får andre brigde eventuelt koma seinare. Eg tvilar på um lysing etter bladsyrar hev stor von um å føra fram. Meir må ein vel venta av beinvesges personleiting – «head-hunting». Det hastar, og Stjorni/Vestmannalaget må setja i gang for fullt. Bladstyraren må få første stund vera heilt på det reine med dei målkrafi som sylgjer med arbeidet, og i dag hev me nokre hjelphemiddel i so måte – serleg Lars Eskeland «Norsk Ordliste» og «Norsk Fornlæra».

Det er ikkje avgjerande at bladstyraren held til i Bergen (eg hev vore på Sunnmøre). Let det seg ordna lettare, kan han gjerne bu andre stader. I mine augo vilde det likevel vera bra um han held til på Vestlandet.

Vensam helsing


*Jostein Krokvik*

Fiskåbygd, 7.2. 00

Stjorni i Vestmannalaget  
ved formannen Lars Bjarne Marøy.

Eg fekk nett melding um at eg vert innlagd på Volda sjukehus i morgen (8/2). Kor lenge upphaldet må verta og kva det må føra til, veit eg ikkje. Eg hev halde på å prentebu nr 2 av Vestmannen. Det er ikkje ferdig, men eg hev tankar um at eg (vonleg) kann gjera det ferdig når eg kjem frå sjukehuset. Det vert forseinka og etter ruta, men det kann ikkje gjerast noko med. Bladstyring ut yver dette må ikkje medrekna for min part.

Beste helsing



Jostein Krokvik

# Vestmannen

Utgjevar: Vestmannalaget, Bergen

A. A. A. / Art. brev

Bladstyrar : Jostein Krokvik,  
              6143 Fiskåbygd  
Telefon : 07 02 14 29  
Forretningsførar : Helge Liland  
              Midgeilen 16  
              5067 Store Milde  
Postgiro : 0802 4256392  
Bankgiro : 8401.21.43027

6143 Fiskåbygd, 14.4.1993

Gode Lars Rjarne Marøy.

Før nokre fåe dagar sidan sende e; eit endelautt langt brev. Ver  
gleymde eg i nemna ein ting som eg hadde i tanke: lot det seg gjera  
at fôr eit foto til bruk i Vestmannen ved høve? (Um gnekkjelogg kann  
fotoet returnerast etter bruk). Det kann kanskje òg vara ein tanke at  
Vestmannen fekk nokre sekle forsoning - rouselsdrøg og kanskje  
fagstadium no? Dette til bruk um det skulde høva med ein liten  
present sjan.

E; hev natt fønje sett yver i prentesets stykket "Heile landet  
kann verte med i det nynorske miljøbolivet" (satzen vert litt kjende  
til det ein song mitte høva med plassen i bladet; stykket er hel er  
langt). Et flikke på nokre smiting, og sender autende manus der eg  
hev sett nokre små krusedullar. Viktige er dei vel ikkje, men  
bryr lu deg med dei på <sup>der</sup> ei fristund, or det sitt fyre. Det var  
elle: mange gode og vakkjande tankar i stykket.

Vensam hjelpling

E. A. A. / Art. brev

# NORSK SPRÅKRÅD

Jostein Krokvik  
6143 FISKÅBYGD

REF

VÅR REF

DATO

1124/93

KS/bb

3.11.93

## I-FORMER AV STERKE HOKJØNNSORD - OPPFØRING I ORDLISTENE

Eg viser til brevet Dykkar av 4.10.93.

Saka vart drøfta på fagnemndmøtet 1.11.93. Fagnemnda vil ikkje gå inn for at i-endingsa i sterke hokjønnsord blir ført opp ved kvart av oppslagsorda. Fagnemnda strekar under at det i innleiingane i ordlistene må gjerast klart greie for denne og andre klammeformer som ikkje er med i den alfabetiske oppstillinga.

Med helsing

*Kåre Skadberg*  
Kåre Skadberg  
kontorsjef

# Vestmannen

Utgjevar: Vestmannalaget, Bergen

Bladstyrar : Jostein Krokvik,  
6143 Fiskåbygd  
Telefon : 07 02 14 29  
Forretningsførar : Helge Liland  
Midgeilen 16  
5067 Store Milde  
Postgiro 0802 4256392  
Bankgiro 8401.21.43027

6143 Fiskåbygd,  
**6.11.1993**

Lars Bjarne Marøy  
Eliasmarken 14  
5034 Ytre Laksevåg

## I-former i sterke hokjønnssord - Oppføring i ordlistone / Språkrådet

Det kom negativt svar på framlegget mitt til Norsk språkråd um å føra tillati i-form i sterke hokjønnssord under sjølve uppslagsordi i skuleordlistor [i hakeparantes]. På meg var det ikkje serleg uventa at den noverande nynorske Fagnemndi i Språkrådet ikkje vil "gå inn for" framlegget. Endå um det millom målfolk ålmēnt nok er eit umslag i synsmåtar på slike spørsmål, trengst det tid og kanskje endåtil nye personar fyrr *paradigme*-skiftet (eg trur det ordet er rettkome) fær gjenomslag i nemnder som dette. Eg kjenner ikkje til um vedtaket i Fagnemndi var samrøystes.

Eg hev late vera å skriva um framlegget til no. Men heretter trur eg det er grunn til å gjera både framlegg og svar kjent gjennom Vestmannen.

Kopi av brevet frå Norsk språkråd er medsendt.

Med beste helsing



## Nynorskmedlemer i Fagnemndi i Norsk språkråd:

Kjell Venås (Universitetet i Oslo)  
Jarle Bondevik (Universitetet i Bergen)  
Ingeborg Donali (Noregs Mållag)  
Helge Sandøy (Landslaget for språkleg samling)

Jostein Krokvik  
6143 Fiskåbygd

11.2.1993

## Gode Lars Bjarne Marøy

Takk for two brev med vedlegg. Du kann rosa deg av stor arbeidskraft, vil eg segja. Eg skulde visst ha skrive tidlegare, men det hev vore mykje bal med Vestmannen, og det laut venta. Eg likar ikkje serleg godt å *hasta* desse brevi ifrå meg, då er det betre, trur eg, å drygja litt med brevskrivingi.

Nokre ord um sumt som du nemner. Eg er samd i at Johannes Heggland lenge - og kanskje endå i dag - hev vore "mindre kjend enn han fortente". Rett nok kjende Heggland seg pressa til å skifta frå i-former til a-former etter krigen, men han heldt likevel fast på eit tradisjonelt og sterkt skriftmål. Dette fall vel ikkje i like god smak hjå alle, og heller ikkje fylgde Heggland litterære motar. So vart det gjerne svara med nedtegjing.

Eg hev tenkt litt på det du skriv um Sigmund Skard, og eg tykkjer du hev rett i at det er himmelvid skilnad på Skard og verfaren Halvdan Koht i målideologisk hopeheng. Koht hadde etter mi meinings lite av målsans og stilistisk evna, men ein storlagd målideolog må han vel kallast, venteleg uppglødd og truande nok, same um viktigaste grunntankane hans ikkje tolde møtet med tidi og røyndomen. Eg er ikkje viss på um Skard er nokon målideolog i grunnen; eg kjenner ikkje til anna han i so måte hev skrive enn "Målstrid og massekultur", og jamvel um sume nynorskingar ropa hallelujah då boki kom, kann eg ikkje sjå at her finst stort til målideologi i boki. Ja, artiklar hev han nok dessutan skrive. Det vedlagde stykket frå Vestmannen då 2. utgåva av "Målstrid og massekultur" kom i 1985 er knapt serleg viktugt, men kanskje kann det vera moro å lesa. I hovudsak meiner eg det same no som i 1985, men eg vilde vel kanskje ikkje ha brukta ordet *fjørande sannorskideolog* utan etterhald. Endå Skard var rekna for nett dét.

Du kjem litt inn på tanken um upplæring i normera taletmål i skulen, og noko slikt er eg avgjort imot. Stortingsvedtaket frå 1878 um at i ålmugeskulen (som vart til folkeskulen som vart til grunnskulen) skulde upplæringi "saa vidt mulig meddeles i Børnenes eget Talesprog", hev truleg vore til gagn for norsk mål - og er det. I bokmålkular veit eg nok at lærarar tradisjonelt hev freista plukka norsk taletmål av elevane, og her er stortingsvedtaket um borni sitt taletmål eit vern. I målkular hev det knapt vore noko av dette, og her kunde det tenkjeleg vera på sin plass med ei varsam upplæring i å jamna unotar i målføret til norsk standardmål - for å hindra fosseflaumen til bokmål. Men til slikt trengst truleg betre norasmåslærarar enn skulen iamt vver hev i bokmål for dei fleste. Noko brigde av dagsens praksis er soleis etter min synsmåte ikkje ynskjeleg no.

Eg hev merka meg kva du skriv um Kurt Eriksen og den sokalla nynorskklassen. At dei hev nynorsk til hovudmål og ei nynorsk norgsbok, er vel og bra. Men skulde det muna noko, burde elevane ha lærebøker i fleire fag - helst dei fleste - på nynorsk. Det vilde vega upp for noko meir av den endelaluse bokmålpåverknaden som elevane møter i reklame, blad, bøker og gjennom lufti. Eg kjem her inn på noko som eg hev skrive um både i Vestmannen og andre stader: i byar, kanskje serleg Oslo og Bergen, der målrørsla ikkje hev synt evna til å slå gjennom med ynsket um nynorske parallelklassor, kunde det vera ein tanke å freista seg med pedagogiske prøveklassor (kanskje ein pedagogisk prøveskule tilnærma Steiner-skulane) der borni fekk ha bokmål til skriftleg hovudmål (um foreldre helst vilde det), men der dei samstundes brukta lærebøker på nynorsk i (sume) andre fag enn norsk, og der læraren helst brukta dei nynorske fagnemningane i desse lærebøkene. Prøvor med dette i andre tvospråklege land (Canada) hev vore positive; borni lærer både måli, hev det synt seg - slik nynorskelevar lærer bokmål i dag ved den ytre påverknaden. Maset um nynorske parallelklassor i desse byane hev vore ein attergangar frå millomkrigstidi, og det trengst nytenkjing og nytt upplegg um det skal verta meir enn prat. Ein pedagogisk nynorsk pilotskule, slik påpeika, kunde ha von um å møta positiv interesse frå foreldre og verta til gagn for elevane. Lettprat um at nynorskelevar gjer det betre enn bokmålelevar fell på si eigi meiningsløysa. Her er kanskje noko å ha i tanke i dei rette fora! Eg legg ved kopi av eit stykke i Vestmannen i 1990 - som du kanskje hev lese.

Elles vil eg takka for sykki du hev sendt. Eg reknar med å få dei med etter kvart; eg hadde stor glede av å lesa dei, og her er mange vektige tankar. Skulde Vestmannalaget finna seg ein annan kassastryrar, meiner eg det er best; for det spørst um ikkje det likaste du kann gjera for målsak og vestmannasyn, er å skriva. Gode skrivande høgnorskfolk veks ikkje på kvar busk; dette er sjølv sagt i stor mun eit spursmål um trening og etter trening - men ikkje slett berre det. Det er dertil tale um givnad og lyst - som ofte heng i hop. Eit par reint språklege ting. Ordet *smånorsk* som du stundom brukar, trur eg er velvalt - betre enn t.d. lågnorsk. Sume andre ord er eg meir tvilande til, som *grunnstyrdja* (motivera); ordet finst rett nok S. Schjøtt, men eg hev aldri funne det nytta i skrift elles, og eg tvilar på gjenomslagskrafti. Truleg er det betre med *eggja, støra til, telja til, tala for* o.a. som er levande ord. Ein og annan tung og plundersam periode heng vel att enno, men dei hev vorte sers få.

Du prøver med **r** i bundi form fleirtal av hankysord og hokynsord - *kvinnorne, gutterne* osb. Kor gode

grunnar det var til gjenomføra r-fri form frå først av, kann kanskje vera eit spursmål (lovleg form frå 1910, eineform frå 1917 - *kvinnone*, *gutane*). Men formi slo gjennom fort og knirkefritt både i bokmål og nynorsk, og i dette tilfelle er det rett å tala um ei røynleg tilnærming til norsk talemål, for r-en finst nær sagt ingen stad i talemålet (frårekna spreidde undantak og målføre som hev *dn*, ein ljod som vel dekkjer yver ein rn - *kvinnodne*, *gutadne*). Norsk skriftmål (nynorsk og bokmål) skil seg her ut frå dei hine nordiske måli, og for min hev eg, etter å ha tenkt gjennom spursmålet, kome til at eg vil halda på dette norske sermerket - so mykje meir som ingen hev vanskar med det (Lehmann er den einaste eg veit um som brukar *r-en*). Eg held òg på skrivemåte med e i dei fleste tilfelle der e-en kom inn 1917 for tidlegare æ (som *bilete*, *hevd*, , *lefolk*, *redd*, *sjel o.fl.*) Grunname til skiftet i 1917 er umdryftelege, men storparten av e-ordi hev slege igjenom både i bm. og nyn. Dansk held vanleg på æ i slike ord (um dei finst i dansk) og ein attergang til æ trur eg mange vilde kjenna som ein attergang til dansk (Aasen bruka æ der det var æ i gamalnorsk - ordet sjel heitte på gamaln. sál).

Dette var kanskje i meste laget med bokstavprat. Berre individuelle synsmåtar, som du ser.

Diktet etter morfar din tenkjer eg å bruka i Vestmannen ved høve. Det er ei naturskildring, og vitnar vel um sans for rim og rytm. Resten av skrivne ting som ligg att etter han, vert vel teke vare på, vonar eg.

Eg fekk nokre eksemplar "Grunndrag i norsk mål" av Eivind Vågslid, og eg legg ved eit hefte. Kanskje hev du det frå tidlegare, men det fær våga seg. Dei pålinde opplysningane på framsida er det det dotter hans som er meister for, Arnlaug Skjæveland. Vågslid var sers kunnande i norsk og stadnamngransking, men han hadde sermeiningar i både emne, og stod heller stridt på dei. Han døydde i 1986. I "Grunndragi" hans finst mangt godt og nytteleg.

Vensam helsing



Jostein Krokvik  
6143 Fiskåbygd

12.8.1993

### Gode Lars Einarne Marøy.

Takk for brev med ei rad stykke. Sume av stykki var heller lange, med dei velkjende problemi for Vestmannen. Eg hev sett igjenom dei, men dei fleste hev eg ikkje rokke å lesa nøgje, so eg skal ikkje ha sagt noko um dei. Etter det eg skyna tidlegare, hev du planar um å studera norsk anten komande semester eller semesteret deretter, og det vil eg tru må vera eit val som høver godt.

Det er god grunn til å segja, slik du skriv, at målumboti både i 1938 og læreboknormalen 1959 var "bestillingsverk". I 1938 var produktet tinga av det målpolitiske og partipolitiske fleirtalet på Stortinget og i riksstyret, ideologisk uppstudde av Koht og Koht-flokkene. Dei trudde visseleg ærleg og reideleg på dei sammorske visjonane, og var tilsynelatande blinde og dauve for saklege motlegg. "Bestillingstanken" kjem tydeleg fram i val av rettskrivningsnemnd i 1938. Norsk språknemnd i 50-åri var noko meir mangsideleg ihopsett, men sammorskvengen hadde stort fleirtal, og då dei tradisjonelle målfolki i nemndi såg kor det gjekk, dissenterte dei og drog seg ut av arbeidet (Sigurd Kolsrud og Per Thorson).

Eg sender attende kopi av manuskriptet "Normaltalemål og dialektar". Du gjer greide for nokre av målsynsmåtane til Egil Lehmann, bygt på "Reise det som velt er", men her undrast eg på um det ikkje er mistydingar. Fyrst reint språkleg: sterke gjerningsord, refleksive former medrekna, vert *ikkje* bøygde med endingar, men med ljodsprang/umljod: *finnast-finst-fanst-funnest (funnist)*. Skal midlandsmålsformer brukast (*formir, stadir*), bør dei brukast rett, og i midlandsmålet var det *aldri* godkjent i b. f. fleirt . (*formirne, stadirne*) som stort sett er utan grunnlag i talemålet (dn er rett nok minne um gammal rn i nokre målføre).

Lehmann sjølv skreiv til meg ein gong at det slett ikkje er hans tanke eller ynskje at alle målformer som han brukar er meinte til mynster for andre. Det er no so. Men du skil ikkje millom j etter g og k i trykksterk staving, framljod - som *geva, gera, genom* osb. - og i trykkveike endingar, som *fylgjerett*; her trur eg ikkje Lehmann meiner j skal strykast (i tilfelle burde kanskje heller kj bytast med i - *fylgirett*). Og i notidsformer som *fylgjer* held Lehmann på *gi-kj*, trur eg, dersom ordet hev *gi-kj* i nemneform (infinitiv) - som *fylgja, tekka*. På same måten som Lehmann, um eg skynar han rett, held på j framfor ing-ending av di denne endingi ikkje er j-førande (trass i at i-en skulde vera det!) Elles meiner eg det er god grunn til å tru at um nynorsk tok i bruk desse formene i dag (*geva, gera* osb.) vilde det vera livsførleg for målet. Skrivevanar med kj og gj er innarbeidde - til dels i både skriftmåli - i meir enn 100 år, og kvifor skulde folk i dag velja nynorsk med former som kelke og kellar og keks og genta og gær og kær når dei på bokmål kunde skriva kjelke og kjellar og kjeks og jenta og gjær og kjær? Det er ei hildring å tru at alle systemvanskars vart burte med j-en. Korleis skulde segjemåten verta for ord som t.d. engel og engelsk og Bergen og bergensar - enjel, enjelsk, Berjen, berjensar? Vart j-en burtteken i skrift der han finst syre e, vilde det etter alle solemerkje setja endå større fart i likvideringi av palatal segjemåte etter g og k.

Aasen prøvde med j-fri skrivemåte fyre e etter g og k i framljod i "Prøver af Landsmaalet" (1853) og sume andre stader på tidleg 1850-tal. Han vraka det, og det er t.d. ikkje med i umsetjingi av *Fridtjofs Saga* (1858) som er rekna for Aasens lengste steg i etymologisk/historisk leid. Eg trur Aasen valde rett, men på hans tid kunde det vera eit realistisk grunnlag for å velja onnorleis. Men i slikt fall er det ikkje utruleg at reaksjonane mot Aasen-målet i ettertid hadde vorte tilsvarannde sterke og atterslagi for målet sameleis tilsvarannde større. Ja, dette er sagt reint hypotetisk. Indrebø hev i Norsk Målsoga, serleg s. 415 og s. 459, ei sakleg vurdering av tilhøvet, og eg trur han dømer rett (s. 459) når han skriv: "Men når rettingi ikkje vart gjord med ein gong, er ho mykje vandare å setja i verk etterpå..."

Lehmann var inne på spursmåli (frå "Reise det som velt er") alt i "Rette det som rengt er" (1938). Kanskje hev du lese boki, som var eit svar på 1938-målbrigdet. Her ordar Lehmann frampå um ei språkleg separatløsing for Hordaland og Rogaland, med eit eige skriftmål bygt på Sørvestlandsmalet. Slike separatistsyner vil merka sjølvre måluppfatningi hans, men no etter gode 50 år må det vel segjast at tankane ikkje hev vunne medhald. Sume vil kanskje kalla det dialektstrev ført ut i det ekstreme. Eg veit ikkje kva Lehmann meiner um dette no, men den ustanskelege hoggingi etter Aasen-målet hev knapt tent norsk målreising ålment, og serskilt ikkje klassisk høgnorskstrev. Det stend meir på spel, ikkje minst for høgnorsk, enn å sveigja nokre uteleita fylgjebrot som ein nærmast må ha granska målet heller nøgje for å uppdaga. Levande mål er vel sjeldan fylgjestrenge i eitt og alt; um so var, var det knapt levande lenger. Vestmannen hev frå fyrst av hatt syrgeleg lite tingartal. Både motmenn og medhaldsmenn hev meir enn ein gong fortalt meg at la me redaksjonsmålet nærare upp til dei offisielle hovudformene, vilde tingarane koma i større mengd. Eg trur det er rett. Dette kjem no likevel ikkje på tale - i allfall ikkje i stor mun, men eg nekta ikkje for at i ein og annan "småting" kunde det vera klokt å gjera eit litt anna val. Skulde bladet gå andre vegen, dvs. taka i bruk avlagde

former, vilde det for mange berre stadfesta sterkare at det er eit reint sektblad utan dagnær dømekraft. Og eg ottast bladet vilde grava si eigi grav, eit fenomen som ikkje er ukjent. No må ikkje dette mistydst. Det som Lehmann sender hit med sine målformer, er sers kjærkome, serleg norrøne dikt; dei er so sermerkte i innhald, utforming og mål at eg prentar dei med gleda. Og eg trur det er bra at Vestmaannen hev eit visst språkleg mangfelde; det gjev dessutan større vekt til kritikk mot språkleg einsretting millom statsmålsproselyttar. Slik eg ser det, er det ikkje språkleg grunnlag i landet for eitt einsretta og einsarta nynorsk skriftmål, eit totalitært monomottmål; her burde godkjennast two jamstelte parallelutgåvor i lærebøkene, kall det gjerne regionalutgåvor, der hovudskiljet er i-mål og a-mål.

Frå s. 2 i manuskriptet ditt vert det lagt fram hypotesar um korleis det hadde vorte i 1917 og 1938 dersom Aasen hadde valt å stryka j-en framfor "j-førande vokalar". Det er kanskje Lehmanns tankar meir enn dine som er attgjevne (eg hev ikkje slege upp i Lemann-boki), men i alle høve er det reine påstandar eller rein ynskjetenkjing som vert framsett. Det finst knapt ein einaste grunn som tyder på at 1917-umboti eller 1938-umboti hadde møtt større motstand. Når me kjenner den røynlege soga og synsmåtan til leidande målfolk fram til 1917, vil eg halda det rimeleg at dei j-lause formene hadde vorte avskipa - eller i det minste gjorde til sideformer - lenge fyre 1917, truleg seinast ved hundradårsskiftet. For det er vanskeleg å tenkja seg at j-lause skrivemåtar i nynorsk hadde makta tevlingi med j-skrivemåtar i norskdansk. Um noko i denne samanhengen skal kallast folkemålsbrot, so må det vera skrivemåtar *utan* j i ord med j-uttale (i-skrivemåtar kunde i mange endingar få fram palatalisering - *takit*, *veggin*, *leggine*). Noko tvilande vil eg leggja til at for meg synest målet i dette \*)manuskriptet ditt noko oppkonstruert, livlaust og stivt. Det hev sjølv sagt med formene å gjera.

R-en i b.f. fleirt. av hok. ord og hank.ord (dialektarne, tilhengjararne) er eg heller ikkje serskilt uppglødd for. Rett nok finst det språklege grunnar som kunde tala for r-en, men r-en vart utkasta i nynorsk som bokmål i 1907, 1910 og 1917, og umboti slo gjennom kjapt og lett. Godt som ingen hev sakna r-en ; dette var ei røynleg tilnærming til talemål yver heile landet. No bør eg vel ikkje trengja meg på med råd, men eg er likevel freista å fråråda å venja seg til former som me i utgangspunktet i 1993 veit er daudsfødde. Det skadar vokstersjansane for tradisjonelle former som elles skulde ha røynleg framtidssvon, med di dei motmennene og tvilarane som me skulde vinna, avviser det heile som unrealistisk fortidssverming, rubb og stubb. Eg veit um fleire idealistiske og kunnskapsrike målfolk som hev stampa fåfengt mot brodden til gravkanten med serformene sine - av andre kalla kjephestar. Tragisk ofte, og eg vil ikkje nemna namn eller døme. Som gripande monument, stundom, yver velmeint målidealisme utan edrueleg ettertenkjing og jordnært gangsyn. Å føra inn at den unriðde r-en vilde etter mitt skyn vera meiningslaust, og det vilde ikkje eingong vera ynskjeleg. Målet vert korkje norske eller betre med r-en. Det vert tyngre.

Du etterlyser måltihøvi i Nordhordland, men målføri er vel heller godt kartlagde, m.a. av Sigurd Kolsrud: "Nynorsken i sine målsøre" (diverre ei heller tung og upedagogisk skrivi bok, etter mi meinig), og i Olav T. Beito: "Norske målføretekster", stor utg. Og der finst sikkert mykje meir.

Det vart urimeleg mykje dette, meir enn tenkt og pårekna. Og det vart visst meir polemisk enn påtenkt. Men du skriv i siste brevet at du tyrstar etter kritikk og reaksjonar på det du skriv, so her fær du noko å kvessa deg på! Det høvde seg elles fint at du skreiv um Jon Fosse: "Bly og vatn". Fosse fekk nynorskpris for denne boki på landsmøtet i Noregs Mållag, som du nok veit. So fekk eg nett brev frå Nils-Aksel Mjøs; han fortel at han kjende morfar din, Olav Lavik, som han kallar ein stor fortelje-kunstnar.

\*

Eg legg ved kopi av melding av Lehmann-boki frå Os og Fusaposten 1/12-90, pluss kopi av R. Flo: "Midlandsmaal", utgjeve ved Arne Garborg i 1906. Her finn me hovudreglane for midlandsmalet som Flo og Garborg fekk vedteke til sideform i skulen i 1901. Det var nok Flo som hev hovudæra for utarbeidingi, det er det snaudt tvil um. Garborg fekk bøkene sine retta til midlandsmaal ved utgåvor seinare, og eit vent mål er det. I-bruket i sume endingar er både klangfullt og det held uppe palatal segjemåte. Men som kjent, midlandsmalet slo ikkje igjenom i skulen, det vart for innfløkt, meiner dei. Men vedvarande finst det ein og annan som brukar ei og onnor midlandsmaalsform i skrift.

Beste helsing

*Jostein Kiobække*

\*)Eg skynar nok at målet er freista lagt inn til formene som Lehmann talar um.

# Vestmannen

Utgjevar: Vestmannalaget, Bergen

Bladstyrar	: Jostein Krokvik, 6143 Fiskåbygd
Telefon	: 07 02 14 29
Forretningsførar	: Helge Liland Midgeilen 16 5067 Store Milde
Postgiro	0802 4256392
Bankgiro	8401.21.43027

6143 Fiskåbygd,

Norsk språkråd  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

4.oktober 1993

## I-bøygning av sterke hokjønnsord / Uppføring i skuleordlistor - nynorsk

Godkjende sideformer i skolemålet [hakeparantes-former] er uppførde på noko ulik måte i nynorske skuleordlistor.

*Nokre* er medtekne under sjølve uppslagsordet - som sume gjerningsordformer, t. d. [bygge - er], [slæst], [slåss, slæss, sloss, sleges el slegis el slåss] - døme henta frå Alf Hellevik: Nynorsk ordliste. Normalutgåve (1988). *Andre* godkjende sideformer er berre nemnde i den ålmenne rettleidingi fremst i ordlista, utan at formi er med under uppslagsordet. På denne sistnmnde måten finn me i-endingane for b.f. eintal av sterke hokjønnsord.

Det er truleg slik at sers få elevar les den ålmenne rettleidingi fremst i ordlista. Eg er ikkje viss på at mange lærarar heiler les rettleidingane serleg væi. I røyndi fører dette til at berre få clevar i det heile retteleg veit at det er høve til å bruka i-ending. Og eg meiner dette er urimeleg og urettvist reint serskilt for alle elevar som hev i-former i heimemålet sitt - eller tilnærma i-former, med *e*- eller *æ*-ending.

Eg uppmadar difor Norsk språkråd um å setja det vilkåret for nynorske skuleordlistor at tillati i-ending i sterke hokjønnsord vert uppförd under sjølve uppslagsordi. Dette kan lett gjerast ved å føra til endingi i hakeparantes - t. d. *solla* [sollil].

I-formi gjev seg utslag i inkjekjønnsord fleirtal og i adjektiv av type *vaksen* i hok. eintal. Det kunde kanskje synast rimeleg at dei tillatne i-endingane kom fram under uppslagsordi her òg. Men i dei skuleordlistor eg hev for hand er bøygning i det heile ikkje med under uppslagsordi i desse høvi, og det kan difor henda at her ikkje er same trongsmål.

Vonleg vil Norsk språkråd sjå samvitsfullt på framleggget ovanfor, som eg trur vil kunna gjera elevar og skulefolk lettare kjende med den tillatne bøygningi for sterke hokjønnsord b.f. eintall.

Med beste helsing

.....  
Jostein Krokvik

# Vestmannen

Utgjevar: Vestmannalaget, Bergen

Bladstyrar : Jostein Krokvik,  
              : 6143 Fiskåbygd  
Telefon    : (070) 21 429  
Forretningsforar : Helge Liland  
              : 5065 Blomsterdalen  
Postgiro   : 4 25 63 92  
Bankgiro   : 8401.21.43029

6143, Fiskåbygd, 17.3.1992

Gode Lars Bjarne Marøy.

Takk for det lange brevet som du kallar "ei byrjande refleksjon til noko som kann høva for ein lesarkrins i ei eller anna form". Det er sjølv sagt for langt for eit blad som Vestmannen, men kanskje er det noko i det du vel meiner at "refleksjoni" byggjer på ein grunnkjerne som etter samvitsfull og djupsøkjande og kritisk gjennomtenkjing og umforming hev to i seg til å kunna gå ut til ein lesarkrins. Men først trengst eit stort tolsemderarbeid. Boki til framtidsforskaren Alfred Toffler, "Framtidssjokk nr. 3", hev eg so langt ikkje lese.

Då eg var i ferd med å lesa tankane dine andre gongen, oppdaga eg i fylgje skrivet at du kanskje kann få bruk for brevet seinare. Difor sender eg det attende her. Eg kom til å rabla litt her og der, utan å ha klårt for meg at du skulde ha det att; men det er berre å yversjå.

Eg tek ikkje upp spørsmåli i brevet; nemner berre nokre få og spreidde punkt. Eg er samd i at målsak først og fremst er kultursak. Kor mykje einskapskulen hev brote ned av røtene sine, er eg ikkje viss på, men det er vel rett at lærarane stundom vert dei einaste andsynes elevar som signaliserar rett (norsk) og urett (unorsk) målbruk; men lærarane er sjølve i siste umgang eit produkt av sin eingen skulegang og av universiteti. Sit umskifte krev lang tid og strekkjer seg vel ofte yver fleire settleder. Eit målargument um i "velja nynorsk for å verta betre i bokmål" er meir enn tvilsamt; men i visse høve - t.d. for å forsvara sidemålsordningi sume stader - kann argumentet kanskje ha ei slags vitug meinings. Men eg skriv dette varsame verjemålet utan å ha tenkt nøgje gjennom saki, so eg tek alle atterhald.

Når du skriv at i "Mål og vanmåle" er det ein rund sluttstrek, so er det vel rett nok. Eg skreiv bokiall hovudsak for å leggja fram tolleg detaljert kva some er gjort med det offisielle nynorske skulemålet frå dette målet såg dagsens ljós og til i dag, - eit soge-materiale som på ingen måte er serleg kjent korkje millom skulefolk eller andre. Vanlege flosklar er at "målet hev vorte meir moderne", utan serleg tanke for kva som ligg i dette, røynleg, og kvifor

målet no hev vorte slik det i dag er. Nokor patentløysing på kva som kann/bør/skal gjerast, hev eg ikkje. Og eg tvilar på um nokor patentløysing finst, i alle fall ikkje so lenge makti og meiningsane er slik dei er i fleirtalet i nynorskgreini (Fagnemndi) i Språkrådet. Det hev teke 60-70 år å få det offisielle målet dit det er kome no, og truleg tek det minst like lang tid å få det derifrå. Kjem ein inn på ein blindveg - eller ein veg som fører til avgrunns - er det snaudt onnor råd enn å gå blindvegen mødesamt attende til ein atter er på høvudvegen og kann velja den nye kurSEN. Ja, med dette tenkjer eg helst på det reint språklege. Det kunde kanskje vera ynskjeleg med eit meir einskapleg mål, men krav frå oss um større einskap i det offentlege målet no, vil vera beint skadeleg - det vilde i slikt fall verta einskap um nett dei samnorskformene som me ikkje ynskjer. I fyrste umgang. I andre umgang vil desse formene knapt greida seg i tevlingi med bokmålet.

Sume som ikkje er heilt unge lenger hev kome til ettertanke og vendt meir og mindre ryggen til samnorsktenkjungi. Det same hev dei mest medvitne unge i NMU. Um desse kreftene er sterke nok til å halda den klassiske nynorsken levande og brøyta ein ny framgangsveg, veit eg ikkje. Men det er truleg den einaste voni og sjansen målstrevet hev. Dagsens målstoda hev ei soga bak seg som er meir enn 600 år. Skilji millom austlandsmålfore og vestlandsmålfore er kanskje like gamle, kanskje eldre. Tenkjer me oss at målmotsetnadene skal vara ved like lenge horetter, vert det nærast absurd å tala um nokon snarveg ut or målstriden. Nynorsken vil stå seg best på, trur eg, å markera stor språkleg fråstand til bokmålet; det spørst um ikkje nett dét er livsavhengerande for målet.

Dette må vera nok i denne samanhengen; eg kom litt ut på viddone. Å søkja etter eit nasjonalt - norsk - daningsideal, slik du skriv, er ingi beinkløvd eller lett sak. Mangt er vel sagt og skrive um eit slikt ideal. Det er verdt å hugsa, kanskje, at det internasjonale - det millomnasjonale eller millomfolkelege - berre finst som ei fylgja eller ein funksjon av det nasjonale. Det finst vel like lite noko millomnasjonalt utan nasjonar som det finst noko millommenneskeleg utan menneske! Det nasjonale må slik sétt vera det primære, men det tyder ikkje det nasjonale treng vera ein monolitt; det kann i seg sjølv vera eit mangfelde.

Med beste helsing

Jostein Krokvik  
6143 Fiskåbygd

26.4.1993

Gode Lars Bjarne Marøy.

Takk for brev. Eg skynar du er uppteken med eksamen no i vår, og eg skal freista ordleggja meg slik i dette brevet at det ikkje trengst attendemelding. Men i siste brevet ditt var nokre spørsmål og merknader som eg skal svara på.

Du hev rett i at eg er litt tvilande til preposisjonen "blan(d)t". Vert ordet brukta på norsk, kann det etter mitt skyn like gjerne skrivast "blant". Tvilen er gamal millom målfolk, han gjeng attende til Aasen som med grunnlag i gamalnorsk meinte at skulde ordet først brukast, var det å rekna for namnord, og rettaste formi vart då "i Bland med". (Bland, inkjekyn=blanding). Ordet hev ete um seg, og det må nok berre godkjennast i dag. Men vanleg i vårt mål hev det vore å bruka "(i)millom" i staden.

Eg ser du samlar tilsang til lagssoga å Vestmannalaget i tidbolken 1978-1984. Sidan du spør um uppladingi til Vestmannen, skal eg koma med nokre upplysningar. Det er rett at upptaket til bladet Vestmannen kom frå meg - i eit brev 2.4.1984 som vart sendt Sigurd Sandvik og som sidan gjekk til Ludvig Jerald (eg levde visst i den villfaring at Sandvik var formann i Vestlandske Mållag). Sidan vart bladtanken på grunnlag av det eg skreiv dryfta i styri i Vestlandske Mållag Ivar Aasen-sambandet og - reknar eg med - Vestmannalaget. Og utfallet var sistpå at Vestmannen tok til å koma den 30. mars 1985. Og hev kome jamt og trutt sidan. Eg hadde vel helst tenkt meg at fleire av norskmåslagi i Bergen skulde stå bak bladet. Det vart Vestmannalaget åleine - etter det som vart upplyst kanskje av di Vestmannalaget var det mest pengesterke.

Det store tvilspursmålet var sjølvsagt økonomien. Var det råd å få eit slikt blad til å bera seg? Det vart freista med fyrehandssanking av tingarar - tilbod vart sendt til folk me vona var positive, millom 1000 og 2000 mottakarar. Eit vilkår for utgjeving var minst 500 fyrehandstingarar, men det var knapt meir enn vel 400 då bladet tok til. Og der var eit fyrstetilskot på kr. 20 000 frå Vestmannalaget, og kr. 10 000 (trur eg det var) frå Vestlandske Mållag. Det faste utsendingstalet no ligg - og hev lege - millom 600 og 700, men nokre av desse bladi gjeng ut gratis. Nokre nummer hev likevel vorte prenta i større upplag - i visse høve og for spreidning til serlege mottakarar. Når bladet greider seg, er det takk vere gåvor og tilskot.

Eg hev liggjande ein slumkopiar av brevkifte serleg med Jerald um bladplanane i tidi april 1984 og til Vestmannen tok til å koma mars 1985. Kopi av brevet 2.4.1984 kann eg ikkje finna - men originalen finst vel ein stad i Bergen.

Um det var verre å få ut målbøker på 50- og 60-talet enn seinare, skal eg ikkje ha sagt noko visst um. Det var fleire målforlag den gongen enn i dag - Noregs Boklag og Fonna i Oslo (Fonna finst enno, men mykje redusert), Marius Evjebergs Forlag i Bøstad, og seinare Rune i Trondheim. Men den statlege innkjøpsordningi ved Kulturfondet kom først tidleg på 70-talet, og med den ordningi vart det truleg lettare å få ut ny norsk skjønnlitteratur på nynorsk.

Du nemner at Wiggen viser til at Ernst Håkon Jahr skal ha dokumentera at 76% av folket var for samnorskpolitikken i 1946. Eg hev ikkje lese dette, og eg vil gjerne vita kvar Wiggen skriv det. Heller ikkje hev eg kjennskap til det som måtte vera Jahrs dokumentasjon, og eg hev i det heile ikkje lese noko større av det Jahr hev skrive. Men med desse etterhaldi må eg segja at i utgangspunktet er eg sers tvilande til um det kann vera tale um nokon pålitande dokumentasjon. Rett nok var samrøringsagitasjonen sist på 40-talet og først på 50-talet sers sterke, einsideleg, einsynt og bråkande, og agitasjonen gjorde sin verknad på folk i og med at samnorsken næraut vart utropa til utviklingi personleg. Men eg skynar lite korleis nokon kann dokumentera 40-50 år etterpå at ein so og so stor prosent av folket var for samnorskpolitikken - eller imot - for det var ingi folkerøysting, og ikkje, det eg hugsar, nokor meiningsmæling. Og kva slag samnorsk var folk for? I 1946 trudde kanskje dei fleste vedvarande at samnorsken skulde verta eit slag nynorsk?

Elles ynskjer eg lukka til med eksamen!

Vensam helsing

Jostein Krokvik

Jostein Krokvik  
6143 Fiskåbygd

22.2.1993

### Gode Lars Bjarne Marøy.

Takk for brev med foto og dei upplysningane eg bad um. Ikkje minst forvitneleg var det å høyra um målinteressa/målsaksinteressa til morfar din i Hosanger!

Du kjem elles inn på eit par ting i brevet som ikkje krev svar, men som eg skal bruka nokre ord på. Det som høyrer soga til lyt berre få vera, kor dårlig eller godt me so likar det. Det kann ikkje brigdast. Men eg undrast um du ikkje dømer litt skeivt um grunnlaget for talemålsnormering fyre krigen. Stortingsvedtaket i 1878 um upplæring i skulen på "Børnenes eget Talesprog" hadde eine og eintydeleg brodd mot normert norskdansk upplæring, dvs. *klokkaardansk*. Noko anna normert alternativ fanst ikkje. Formell rett til norskmålsupplæring kom først inn i skulen i 1892, i lærarskulen i 1902, og det segjer seg sjølv at dei lærarane som makta upplæring på eit normalisert munnleg norskmål, var sers få. Dei *måtte* bruka dialekt, meir og mindre tillempa det ålmenne landsmålet. Eg tvilar òg på um det fyrr langt ut i etterkrigstidi var vanleg å sjå nokon motsetnad mellom norske målføre og nynorsk riksmål. Det hadde kanskje noko å gjera med definisjonen av umgrepene ("ekte") norske målføre/dialektar. Dei oppfatta umgrepene nærmast som *den norskrøtte luten av talemålet*. Slik hev eg sjølv skyna ordet - truleg til ut på 70- til 80-talet, då sume med nemningi norsk dialekt nærmast hev teke til å meina alt slag talemål, bokmålsnedfall medrekna. Men det er rett at mange nynorskingar både fyre krigen og litt lenger rekna det riksnorske munnlege målet for eit klangfullt og vent mynster å strekkja seg etter; det hev eg sjølv hørt. Tvilen min på normert talemålsupplæring i dag gjeld skulen ålm̄ent, først og fremst grunnskulen. Talemålskurs igangsette av målungdomar/målfolk for serskilt interesserte eller for visse grupper, t.d. studentar, trur eg er av det gode. Det same gjeld rettleidingstimar i *norsk* talemålsnormering som det måtte vera råd å få tilskipa på t.d. klasseplan i den vidaregåande skulen/kanskje også ungdomsskulen.

Det er vel liten tvil um at uppløysingstendensar i norsk skriftmål tok til so tidleg som med Førtofts synsmåtar. Eller tidlegare: dei er t.d. synlege i trønderen Eirik Sommers "Soga-Visor" (1857), fyrste landsmålsskrivar etter Aasen. Men desse tendensane er til dels utslag av den røynde målførestoda i landet, ein røyndom som ikkje kann brigdast etter ynskje.

Merknadene mine um r-aner i ord som kvinnorne, guitarne var i grunnen berre meinte til å klårgjera kvifor eg sjølv skriv kvinnone, gutane. Ser me einast på systematikk og konsekvens i skriftmålet, er r-aner rettkomne nok, og eg vil ikkje ráda til eller frå her.

Det du nemner um "høgre og lægre bondeklassor" osb., er greidt. Når eg helst ynskte skifta ut ordet "klasse", hadde det ingenting med det norskspråklege å gjera. Men i visse slag samfunnsteori, serleg marxismepåverka, vert "klasse" strengt definert etter tilhøvet til produksjonsmidli, og sume hev prinsipielt helst berre tala um two klassor. No hev definisjonen vorte kritisert og han er knapt fulldekkjande. Eg skal ikkje lufta nokor meinung i spørsmålet, men slik nemningi var bruken, kann ho kanskje kalla på mottankar hjå ein og annan leser med teoretisk innsyn i dette.

Når eg først kjem inn på slikt, so hev eg undrast litt på ei ordform du stundom skriv - *bryda* (for gjerningsordet bry). Det hev kosta meg noko hovudbry. Um ordet vert bruka slik i eller ved Bjørgvin, skal eg ikkje ha sagt noko visst um, men i alle høve hev eg aldri sett det skrive slik tidlegare, heller ikkje hjå Aasen som hev med *bry* og nemner formi *brya*. Same formene finn eg i Nynorsk etymologisk ordbok (Torp). Ordet er gammalt i norsk, men er lån frå nedertysk. På Færøyane heiter det *bryggja*. Dansk hev derimot formi *bryde*, og eg vil tru at denne ikkje hev grunnlag i norsk - med mindre du skulde byggja på ein dialektvariant som eg i tilfelle er ukjend med.

Elles les eg stykki dine med forvitenskap og gleda, både for innhald og mål. Jamvel um du vel skal upp til ein eksamen til vårs og hev mykje å gjera i slik samanheng, vonar eg du gong og annan finn litt tid til Vestmannen - stutte stykke med bakgrunn i t.d. målungdomen, studentmållaget e.l. vert heller ikkje vanakta!

Vensam helsing

Jostein Krokvik

# Vestmannen

Utgjevar: Vestmannalaget, Bergen .

Bladstyrar : Jostein Krovik,  
6143 Fiskåbygd  
Telefon : 07-02-14-29 3002 14 29  
Forretningsførar : Helge Liland  
Midgeilen 16  
5067 Store Milde  
Postgiro 0802 4256392  
Bankgiro 8401.21.43027

6143 Fiskåbygd,

Gode Lars Bjarne Marøy!

7.8.1994

Eg sender her det eg finn um regelverket for fastsetjing av stadnamn, som umtala i telefonen. Her er sjølve Lov um stadnamn av 18/5-1990 og Forskrifter til lovi fastsette 5/7-1991, med endringar 14/10-1993. Vidare legg eg ved namn på dei som er med i Klagenemndi (jmf. Kap. V, § 5 i Forskriftene), og yversyn yver klagor i tidi 1.1.93 - 4.2.94. Og dertil namn på sekretærane for stadnamnsaker ved kvart universitet - samtale med alle sekretærane. Dette er alt kopiar frå bladet "Nytt om namn. Meldingsblad for Norsk namnlelag". Namni på namnekonsulentane finn eg derimot ikkje; eg hev sétt namni, men hugsar ikkje kvar.

Men det let seg gjera å få namni t.d. ved stadnamnsekretären på Universitetet Bergen (tlf. 55 21 24 22). Eller ved Avdeling for namnegranskning, Inst. for nordistikk og litteraturvitenskap ved Universitetet i Oslo (tlf. 22 85 43 75). Leidar der er so vidt eg veit Botolv Helleland.

Det er sjølv sagt bra di meir saki vert umskrivi - både i Strilen og i Bergens-pressa. . Godt vilde det òg vera um vedtaket vart anka; der skulde vera gode saklege grunnar som talar for brui (alternativt bruni) i dette høvet - ikkje å gløyma t.d. ein slik ting som at det i bergensk skal nyttast -en-ending i hokyn (Forskriftene § 2-3, e). Klagerett er det vel kommunen (Lindås) som hev her - eller dei som tidlegare hev kome med tilråding um namnet.

Beste helsing



Norrønalaget Bragr hadde styremøte onsdag 19 januar.

I Styret vedtok å halda minst eit lagsmøte i komande halvår. Møtet vert trulegt halde heima hjå Gunnar Gilberg anten 22 eller 23 mars. Formannen kontaktar Gilberg nærare um dato, og kallar inn til møtet.

2 Formannen greidde ut um fleire ting som hadde å gjera med å få gjeve ut ei ny Bragr-bok. Bragrbökene var eit kjennemerkje for laget i den tid Conrad Clausen var formann i laget. Sonen til Conrad Clausen fortalte Marøy at Conrad Clausen planla å ut ei bok um Kristoffer Janson. Styret vil gjerne heidra minnet um Conrad Clausen med å gjeva ut ei slik bok, og Bodil Haug og sa seg viljuge til å redigera boki.

3 Då formannen først var i kontakt Harald Clausen opplyste han Marøy faren hadde late etter seg ei bankbok som var knytt til Norrønalaget Bragr. Idesember var formannen og Gilberg på Askøy og henta ei rad utgjevingar av gamle Bragrbøker. Då bad Harald Clausen Marøy um å skriva under på nokre papir som hadde med å yverföra Bragr-kontoen til det nye styret i Bragr.

Formannen freista å få kalla inn til eit styrmøte fyrr jol, men det lét seg ikkje gjera. Stutt fyrr jol ringde Askøyfilialen av Kreditkassen til formannen, og bad han senda inn ei stadfesting på at han skulle yvertaka som disponent etter Conrad Clausen. For formannen var det um å gjera å få tilgang til kontoen fordi han laut vera andsvarleg for salet av Bragrbökene. Formannen hev sold bøker og teke inn lagspengar. Alt i alt er det kome inn 700 kronor. Formannen vilde gjerne at Gunnar Gilberg og so skulde ha tilgang til kontoen og at han og Gilberg skulle reisa inn til banken og snakka um det, men Gilberg hev ikkje høve til det. Bodil Haug samtykte på styremøtet i at formannen og Gilberg kann disponera Bragrkontoen kvar for seg.

Lars Bjarne Marøy

Jostein Krokvik  
6143 Fiskåbygd

30.9.1993

Gode Lars Bjarne Marøy.

Takk for brev og kopi av stykket *Skriv "boki", sei "bokjæ"* som du hadde i Strilen. Eg las stykket med stor gleda, eg meiner det var godt, og eg skulde tru det når fram til i minsto nokre av lesarane. Nokre fåe bokstavskavankar la knapt mange lesarar merke til i det heile, og det er vel helst misprend i bladet. Slikt lyt me leva med - og det var slett ikkje mange misprend her.

Det er, meiner eg, nett denne vegen me lyt gå - å setja fram grunngjevingane våre på i-mål i den vanlege nynorskpressa - og gjerne i den målblanda pressa. Det er berre slik me rekk serleg vidare enn til våre eigne rekkjur. Vestmannen hev nok sume lesarar som hev anna målsyn enn me, men Vestmannen rekk ikkje so langt ut til grasroti som t.d. eit bygdeblad eller eit distriktsblad. Millom oss sagt: nett her hev sume som hev stelt med vestmannarørsla etter krigen synda mykje, ikkje å segja svikta - rett nok kanskje av rein tilnøydsla. I alle høve, skal i-målet haldast levande og vera eit røynleg alternativ, må folk få sjå det prent!

Her skal eg lufta noko eg hev tenkt på i nokre år, men som eg er for gammal til å få gjennomført sjølv, serleg sidan eg ikkje bur på rette staden. Me burde vera i stand til å få reist eit i-målsblad - bygdeblad - i ei typisk i-målsbygd, der det ikkje finst bygdeblad frå fyrr. Eg tenkjer serleg på indre Sogn, kanskje i Aurland eller Lærdal. I dag finst det att berre eit par avisor i Sogn, og dei ligg lengre ute. Tvert igjenom i-mål var det ikkje nett grunn til å venta, men redaksjonelt i-mål skulde ikkje vera av vegen. Kanskje burde eit slikt blad av målpolitiske grunnar halda seg i hovudsak innanfor skulemålet, det trur eg nok. Vestlandske Mållag var på 70-talet (1972) med å få i gang bladet Midhordland, og eg veit um folk på Sunnmøre som tinga bladet - av språklege grunnar. Det var eit grovt vonbrot, for bladet var på dårlig a-mål, ikkje eit hår betre enn andre ringe nynorskblad. Seinare let V.M. bladet ifrå seg. I eit slikt høve hadde det late seg gjera å vedtektsbinda redaksjonsmålet til i-mål, men framsynet hev ikkje vore det beste alltid.

Å få til eit bygdeblad på i-mål i ei bygd i indre Sogn, skulde vera eit handgripeleg og uppnåeleg siktet mål. Men dette er framtidsmusikk. Hald fram og skriv der du kjem til!

På eitt punkt i stykket ditt er eg usamdi i det du skriv (men det er knapt mange andre, um nokon, som hefter seg ved det). Bruk av læreboknormalen i offentleg administrasjon er regulert av Kongeleg resolusjon av 7/7-1981, uppe i Statsråd 24/7-1981. Det heiter her at "læreboknormalen bør gjelde i for målbruk i statstjenesten", men eg tolkar dette som statstenesta sentralt. Offentleg tilsette kringum i landet, t.d. prestar, stend friare. Og statstilsette universitetslærarar kan t.d. fritt skriva lærebøker utanfor normalen og elles gå utanum skulenormalen i det heile, um dei vil! I den kgl. rsolusjonen heiter det vidare "at det i vår språksituasjon bør vises rimelighet i praktiseringen av slike regler", og for nynorsk vil eg tolka dette som ei heimling for bruk av i-mål. I NRK er det styret for NRK som gjev språklege retningslinor. Det heiter i vedtak der at i visse tenestor i radio og fjernsyn skal "læreboknormalen i hovudsak" brukast. Men dette vert i dag tolka *sers romsleg*. På bokmål hev eg hørt både *tyve, Trondhjem, syv, nu og etter*, og dette ligg utanfor all læreboknormal. For nynorsk høyrer me mangt, m.a. hev eg serhendes hørt i-mål bruka av medarbeidarar frå indre Sogn og Telemark. *Ei slik opning må me taka oss vel i vare for å skada!*

I det store og heile trur eg det utetter er målpolitisk tilrådeleg for oss å freista tøygja ut dei opningane for i-mål som trass i alt finst i offentleg regelverk. Eg var inne på same spursmålet i Vestmannen nr. 7 - i meldingi av boki *Råd for uråd* av Ola Breivega. (Kopi av den ovannemnde kgl. resolusjonen får du frå *Kulturdepartementet, v/fyrstekonsulent Halldis Sandsdalen, Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo*, - um du skulde ynskja å sjå denne resolusjonen. Utviklingi etter 1981 hev vel elles ført med seg noko meir språkleg offentleg fridom. Her hev utruleg nok funnest sume på vår kant som hev tala um meir einskapleg skulemål, tilsynelatande blinde for at krav um meir einskap i dag utvilsleg må føra til at i-målet og andre av våre former vert endå meir vekkstengde.)

Det vart um mangt og mykje dette, og vonleg er dei målpolitiske synsmåtane tenlege til vidare uttenkjing. Og som sagt, stykket ditt i *Strilen* var godt og gledeleg!

Med helsing

*Jostein Krokvik*

Norrønafelaget Bragr er eit gammalt og hevdunne lag. Ette at Conrad Clausen gjekk burt stogga like fullt laget å fungera : Det sovna inn som det heiter.I den siste tidi Conrad Clausen levde tok det til å koma eit visst målpolitisk umslag.Det hev kome til målmenn som er meir viljuge til å arbeida for måldyrking, og norrønt samstrev og samgonga burde ha eit visst grunnlag for seg.

Eg sjølv hev kome inn i stjorni i Vestmannalaget i år, og eg hev berre vore med i Vestmannalaget i eit par år, difor vil eg svært gjerne ha råd og vink um kva me kann få gjort gjenom Bragr.

Når eg skriv til dykk no so er det fordi eg vil at me skal samlast nokre fåe og utvalde medlemer til møte i Fokus Bank 7 klokka 10.30/halv elleve.Eg hev avtala med Arne Holm i Fokus Bank at me kann få ha møte i eit lite møterom i niande høgdi.Me møtest nede i banken og gjeng upp i lag.

Emne for møtet vert norsk songtradisjon.Studenten og målungdomen Bodil Haug greider ut um det emnet.

På møtet må me freista å få vald eit stjornalag på minst tr representantar.Målsmennene må bu i eller i nærleiken av Bjørgvin (Bergen); slik at stjornalaget kann møtest når det måtte vera turvande.

Elles vil eg at me skal snakka um ein sumarlæger som Norsk Målungdomen kann tenkja seg å leggja til Færøyane.Eg vonar at Hans Olav Brendberg frå Norsk Målungdom kann vera til stades og greida ut um tiltaket.

Denne innkallingi vert litt springande og uformell.Um det er noko som bør takast med eller presiserat vonar eg at eg får høyra frå dykk.Burtsett frå alt anna vil eg ynskja dykk hjartelag velkomne til ei hugnadleg samkoma.

Vensam helsing  
Lars Bjarne Marøy  
Eliasmarken 14  
5034 Laksevåg  
telefon 55343377

7 oktober vart Norrønalaget Bragr uppattskipa på eit møterom i Kredittkassen (tidlegare Fokus Bank). Medlemene valde ei stjorn på tri personar. Dei tri i stjorni er Lars Bjarne Marøy, Gunnar Gilberg og Bodil Haug. Årspengane vart sett til 20 kronor. Etter at den formelle saklista var undangjort greidde Lars Bjarne marøy ut um livet og forfattarskapen til Tarjei Vesaas.

Vesaas var fødd i 1897 og døydde i 1970. Vesaas var оделsgut, men hugen hans vart dregen i andre leide enn til å verta gardbrukar. Plikti kvilte tung på Vesaas. Foreldri hadde ventnader til at han skulde taka på seg gardsarbeidet og dei kunde vera snøgge til å tala han til rette når det var einkvart han ikkje fekk gjort slik som dei tykte det skulde gjerast. Men trass i at foreldri kunde vera strenge med Vesaas, so må dei også ha gjeve han sterke boklege interesser, for han byrja å skriva alt i ung alder.

Marøy var innum fleire av bøkene til Vesaas, og han freista å syna til tematiske gjenomgangsemne som speglar seg av i dei einskilde bøkene. Vesaas sirklar ofta kring spørsmål som hev med liv og død å gjera. I fleire av bøkene til Vesaas dør ein av hovudpersonane etter å ha vorte innfanga av ulike dødskrefter som Vesaas framstiller meir eller mindre gjenomførd. Andre gjenomgangsemne er m.a knytt til isolasjon og einsemd.

Etter utgreidingi til Marøy førde møtelyden ei engasjera samtala um Tarjei Vesaas. Leidolv Hundvin hadde lese mesteparten av bøkene til Vesaas og han sa at han tykte han hadde mest att av å lesa bøkene "Kvinnor ropar heim" og "Det store spelet". Vesaas hev ein umfattande forfattarskap, og møtelyden kunde berre koma inn på stutte drag av forfattarskapen. Alle var samde um at vesas var ein stor forfattar og at forfattarskapen hans kunde takast opp i Vestmannalaget ved eit seinare høve.

Møtelyden dryfte tenkjelege gjeremål og verkefelt for laget, og det vart serskilt snakka um å byrja å gjeva ut nye Bragr bøker. Eit slikt tiltak ligg nok enno noko inn i framtidi, men det skulle vera rikelegt av norrøne emneumråde å gripa fatt i og det er upp til medlemene å gjera tildriv til nye bokprosjekt. Bragr er i alle fäll i drift att og so fær me berre taka tidi til hjelp.

LARS BJARNE MARØY

Jostein Krokvik  
6143 Fiskåbygd

9.9.1993

**Gode Lars Bjarne Marøy.**

Takk for eit sers ope og fritalande brev! Burtsétt frå den triste meldingi um at Ingerd Hirth er burte - eg visste ikkje dét - hadde eg både gleda og moro av brevet. Dessutan var eg samd i innhaldet.

Eg fekk uttydt både greidt og klårt kva du meinte med dei "polemiske innleggi um målsak på høgnorsksida" som eg i eit tidlegare brev ikkje skyna bakgrunnen for. Det dømet du nemner er dessverre so rett som det kann verta. Dette må ikkje førast vidare, men eg hev til tider mest undrast um L.J. med vitande og vilje gjennom innleggi sine hev stila på å køyra målreisingi beint til avgrunns, både den høgnorske og den smänorske. I beste fall må han stundom vera totalt utan gangsyn, og du råkar spikaren på hovudet når du segjer at "som målagitator er han livsfårleg". Skuldi for stor avskaling og isolasjon hjå vestmennene tidlegare, ligg nok ikkje berre i Noregs Mållags vrangskap og tvilsame målpolitikk. Som du truleg hev høyrt og lese, hev sume på vår kant i alle fall tidlegare gjerne brukta eit slagord som segjer at "skal målet vårt gå ned, so skal det gå ned med flagget i topp". Eg hev upptil fleire gonger freista tenkja nøgje etter kva som må liggja i dette, og eg hev nærmast kome til at sume truleg beint fram meiner det er likare å tvihalda på kvar einaste bokstav til alt er tapt, enn å brukta edrueleg vit og lempa seg der saklege grunnar eller reine yverlevingskrav talar for ei viss tiljenking.

Når eg skriv um dette no, er det fordi - dette sagt i trumål - at L.J. sende meg eit innlegg "Ivar Aasen-stiftinga - eit forunderlegt namn", der han rakk ned på stifting-namnet av di det skulde vera "ei umåteleg därleg og ubrukeleg umsetjing av (det danske) ordet "stiftelse". Argumentsjonen er tvilsam. Den fremste reisingsmannen av eit norsk (nynorsk) rettsmål, professor Nikolaus Gjelsvik, ein språkleg nyskapar med uvanleg fin målsans, hev i den juridiske ordlista si (1929) eit einaste avløysingsord for dansk stiftelse, og det ordet er nett stifting! Eg skriv til L.J. um det, men kanskje hev innlegget stade på prent i eit eller anna Bergens-blad. Eg veit ikkje, men det vilde i tilfelle vera meir enn uheppeleg. Ja, du må som nemnt ha for deg sjølv at eg skriv um dette.

Eg skynar du hev lese "Forprosjektet til Aasen-senteret". Det fekk eg fyrist i hende no heilt nyleg, og eg hev lese berre ein og annan bolken. Eg hev ikkje funne noko serleg å setja fingeren på so langt, og eg veit ikkje kva du siktar til når du hev kritiske tankar. Skriftet er halde i ein sokalla akademisk stil, og slik synest eg ikkje det merkjer seg negativt ut korkje i bruk av framord eller i innfløkt setningsbygnad. Akademisk utgreidingsstil kann i so måte vera litt av kvart, og dette skriftet tykkjer eg høyrer til på den mest positive sida. Men det er verdt å ha i minne at utgreidingi er skrivi med den hovudbaktanken å rettferdiggjera senteret og planane for senteret andsynes departementi og stortingspolitikarane for å vinna statleg økonomisk studnad. Her er det likt til at skriftet hev tent siktemålet - dersom Åse Klevlands ord no nyleg er å lita på.

Eg skynar du hev mykje å kava med i studiesamanheng no, og dette brevet er vonleg ikkje slik skrive at det påkravt med noko svar.

Beste helsing

*Jostein Krokvik*

*Var kaw på  
te på akvor*

# NORMALTALEMÅLSKONFERANSE I BERGEN TILSKIPAR IVAR AASEN-SAMBADET.

FREDAG 26 SEPTEMBER

KOMBINERT KONFERANSE OG FYREDRAG FRÅ PRISVINNERANE AV  
HALLDOR O.OPEDALS FOND.

MØTESTAD : FENSAL

14.30 Frammøte, registrering.

15.00 Markering av Alv Askeland. Askeland hev vore prest i den norske kyrkja, og hev arbeidt med måldyrkingsarbeid på Ivar Aasens grunn. Serleg meistarlege er umsetjingane av salmar og åndelege songar. Askeland er no 86 år.

17.00 . Professor Kjell Venås hev skrive biografiar um Ivar Aasen, Marius Hægstad og Gustav Indrebø. Han hev skrive ein norsk grammatikk, ei bok um sosiolingvistikk, ei stor avhandling um Hallingmålet og mykje meir. Venås talar med utgangspunkt anten i måldyrking eller i normaltalemål.

19.00 Ola Breivega talar. Ola Breivega er språkkonsulent.

Umlag 21.00 Middag for prisvinnarane med serskilt innbedne gjester.

LAURDAG 27 SEPTEMBER

MØTESTAD : FENSAL

EMNE : Kjeldor til språkleg påverknad.

9.30. Leidar i lærarmållaget Gunnar Ottne.

10.30 Jardar Eggesbø Abrahamsen. Haldningar til norske skriftmål.

11.30. ordskifte.

13.00. kvileykt

14.00. Ola Breivega. Normalisering. Korleis kann me verta medvitne um at me normaliserar talemålet vårt ?

16.30. Kari Losnedal. : Ungdomslagsteater i ein norskdomsideologi.  
Etter fyredraget vert det umvisning på teatermuseet ved Kari Losnedal.

Værtre Tøstheim Krokkevik!

Eg tilde meg å skrive en li sak som før tid oppførte meg: Eg forelau ei ny, ukjenda utgåve av det vise folkeskriftet som Garbar, Anders Hovden skriv om bokverket Per Siele. Eg har såleis lært myndigdomspunkt med bestemor som var den siste som tala med Per Siele, 1/2 time før han døydde seg.

Graaforda vil eg referere detaljert med opplysningene om denne som tala det, men det er en mann eg ikke vitt noko om :

1. "Den 17 de Mai & torsdag 15.9.1904 les eg m.a.:

"Vestmannalaget fekk kross framboen ved S. LINDE  
og sende gjennom hende denne hilsing :

Ta krit no koly  
med gjort som gjort  
Kvar dag som gjeng  
gjer del mire stort.

Ned talk spaa Vestmannalaget

Ov - lag at same stod i "Bekkeråd Amtstidende"  
all graafordsdagen lørdag 10. juli. 1904.

Vit du noko om S. Linde er eller har eg  
kan vennlig vittja å få vittn om han?

Ned venlig hilsing og talk!

Karl-Aanders Hovden

o/o

Jostein Krokvik  
6143 Fiskåbygd

8.7.1999

Kjære Karl-Anders Hovden!  
Grønsundåsen 60  
1394 Nesbru

Takk for brevet 21.juni. Det er gledeleg å høyra at du emnar på å få ut ei ny og utvida utgåva av skriftet som Anders Hovden skreiv um bestevenen Per Sivle. Uptaki frå den siste samtala med Sivle og eit utførlegare (enn tidlegare) referat frå gravferdi med upplysningar um dei som tala der, skulde eg tru vil kalla på lesehugen til mange nye lesarar.

So til spursmålet ditt um *S. Lunde* som bar fram krans frå Vestmannalaget og sa fram helsing og takk frå laget (etter referat som du hev funne i «Den 17de Mai» torsdag 15.9.1904 og «Buskerud Amtstidende» gravferdsdagen 10.9.1904). Diverre kann eg vera til liti hjelp med personupplysningar her.

Eg reknar med det er den same *S. Lunde* som Jan Prahl skreiv eit venleg og ope brev til den 10. august 1915 frå Amsterdam. Prahl fekk brev frå Lunde dagsett 1. august s.å. som han «las med stor Hugnad, serleg fyredi dat syner at fleire og fleire unge Menn i Noreg skyna Verdet og Vigtia af Reisingi af deira Modersmaal, som vel er den dyraste Arv, dei hava fengset fråa deira Fedr. Dat Stykkjet, som De var so god at senda til meg, kjende eg - for ein ung «Arbeidar» (kvifor ikkje «Verkemann») sende meg i Vaar ein Nummer af «Fraa By og Bygd», dar Stykkjet stend prentad».

Brevet til *S. Lunde* er med i «Ny Hungrvekja og Jan Prahl» som eg gav ut på Norsk Bokreidingslag, Bergen, i 1993. Eg henta brevet frå Norsk Aarbok 1922, der det er attgjeve av Torleiv Hannaas som dessutan skreiv um Jan Prahl i same nummer av årboki. Torleiv Hannaas kallar *S. Lunde* for «ein ung kapmann i Oslo», og meir visste kanskje ikkje Hannaas um *S. Lunde*, sidan han ikkje tok med meir. Eg gav att det som Hannaas skriv i boki mi; noko meir handfast fann eg ikkje ut då, og det hev eg heller ikkje funne ut seinare. I boki um Hungrvekja og Jan Prahl spela elles *S. Lunde* ei liti rolla, so eg prøvde ikkje på noko stort sok.

Um *S. Lunde* var ein ung mann i 1915, var han yngre i 1904 då han la kransen frå Vestmannalaget på båra til Sivle. *S. Lunde* var målmann og vestmann, det trur eg let seg lesa av brevet frå Prahl. Det er rimeleg å tru at han hadde tilknytingsband til Bergen og Vestlandet. Um *Lunde* kann vera nemnd i Norsk biografisk lesikon, veit eg ikkje, men det er grunn til å sjå etter.

Ein serkild kneik er det at me so langt ikkje kjänner fyrenamn eller fødselsdato til *S. Lunde*. Heller ikkje veit me noko visst um fødselsstad, jamvel um det ligg nær å tippa på Bergen eller Hordaland. Men utan slike upplysningar er det vandt å finna fram i offentlege register. Kanskje er det verdt å granska folketeljingslistene for Oslo (Kristiania) frå 1901; dei ligg i Riksarkivet. Same stad ligg folketeljingslista frå 1910 – dersom denne er opna for offentleg tilgjenge (til aktuell bruk her skulde eg elles tru lista må kunna gjerast tilgjengeleg). Folketeljingslista for Oslo frå 1900 ligg i statsarkivet i Oslo. Det skortande fyrenamnet vil vera til meins, og det kann vera verdt å rádspyrja einkvan i statsarkivet eller riksarkivet. Kjänner du nokon med ættesogeinteressor, er det òg grunn til å rádspyrja vedkomande.

Eg sender avprent av dette brevet til Lars Bjarne Marøy, formann i Vestmannalaget, og til Ludvig Jerdal som hev vore formann i laget ein stor part av etterkrigstidi, men det er vel tvilsamt um det i dag finst att møtebokinnførslor e.l. som fortel noko um *S. Lunde*. (Andre målblad med utførlegare umtale av gravferdi enn «Den 17de Mai», er det vel liti von um å finna. «Gula Tidend» kom fyrst i gang i desember 1904.)

Lukka til i arbeidet og med beste helsing

15.8.1997

Gode Lars Bjarne Marøy.

Takk for skriv og meldingar. Siste uppsetet um konferansen i Bergen kom so seint at det var uråd å skifta ut det som alt var hjå prentaren. Men dei nye namni kom med.

Meldingi frå NM-landsmøtet lyst venta til nr. 7; der stryk eg merknaden um at styret hadde gjort dårlig arbeid i ei sak. Ingenting er nemnt um *kva* som var dårlig, og heller ikkje kva styret hadde å segja. Sjølve referatet bør vera so nøytralt som råd. Elles var meldingi god og upplysande. Og landsmøtet fall godt ut, dømt frå vår synsstad! Meldingi av boki um Komedia teatret er med i nr. 6. I denne meldingi strauk eg setningi um at Lars Nygard under krigen gjekk inn i NS. Det er so vidt nemnt i sjølve boki, og der bør det vera med. Men eg hev aldri sett at andre hev nemnt det, heller ikkje i Norsk Allkunnebok der den mykje teaterkunnuge og kjende sosialistiske skribenten Olav Dalgard skriv. Etter boki og skodespelarkollegaene var vel Nygard helst godtruen og naiv og var ingen til meins; eg trur ikkje me skal flekka ettermælet hans i Vestmannen no meir enn 50 år etterpå. Lars Nygard var bror til diktaren Olav Nygard, og i etterkrigstidi dreiv han med eigne spelferder – upplysningar um dette saknar eg i boki.

Svaret til Steffens og stykkjet um Nikolaus Gjelsvik er kanskje skrivne i hastverk, og etter mi vurdering høver dei ikkje på prent. Eg var ikkje meint på å nemna noko um det, men sidan det er tenkjeleg at du med tidi fær mykje å gjera med blad, og kanskje med Vestmannen, kom eg likevel til at det er best med nokre ord. Ein hovudregel i bladskriving er at ein skal vera varsam, serleg i kontroversielle og kjenslede spørsmål, og når ein kjem inn på personar. Ein bør finvega ordi og tenkja nøgje etter korleis dei må verka på lesarane, eller sume lesarar.

Steffens: eg var lite huga på å taka inn spørsmåli dine til Steffens, og det er ikkje meir enn rimeleg at Steffens fær plass til svar. Ein heilt stutt og konsis merknad til svaret kunde alltid tolast, men heller ikkje meir i eit emne som knapt er sentralt for Vestmannen. Då måtte det i tilfelle vera eit serskilt upplysande stykke. (NB! Det er ålmənt kjent at interessa for religion [dvs. metafysikk, parapsykologi m.m.] hev vore aukande ein mannsalder eller meir. Elles er religionen gamal som menneskeætti. At fruktene av vitskap og teknologi hev ureina naturi, er det ingen tvil um; kva elles med kjernekraft? Meneskeieg "fri vilje" hev filosofien dryfta so lenge filosofi hev funnest – utan endeleg svar.)

Nikolaus Gjelsvik: alt tittelen "Var Nikolaus Gjelsvik nazist?" er nok til at stykkjet ikkje bør prentast! Ordet "nazist" vert klistra til Gjelsvik på ein måte det snaudt finst grunnlag for. Ikkje alle les like umhugsamt; nokre les alt saman utførleg, nokre skumles litt her og der, nokre stoggar på halvvegen eller tidlegare, og nokre nøgjer seg med tittelen. Det som sit att er sambandet Gjelsvik-nazisme. Den umfatande gjenomgangen av boki frå 1932 til forsvar for Gjelsvik, verkar mot siktemålet. For Gjelsvik treng snaudt noko forsvar! *Reaksjon* er eit tøygjeleg umgrip. Det dekkjer ikkje berre nazisme, men eit vidare spekter. Ingen hev, so langt eg veit um, knytt nazisme til Gjelsvik – nok av di slik tilknyting ikkje finst. Då må ikkje *me* plaska i grumset! Ei mistyding: Quisling hadde knapt nokon serleg "framståande posisjon i det norske samfendet" i 1932, same um han hadde vore forsvarsminister ein stutt bolk. Åtaki frå sume på Gjelsvik er halvdregne ymt av subtilt slag, i umskrivne tilfelle med direkte feil, og skal det fyrst svarast, bør det svarast med same mynt og med snert. Men stundom er togn best.

Eg høyrdde elles for ei veka eller so sidan at Leidulv Hundvin vart intervjua um Vestmannalaget og i-målet i Språkteinagen, NRK. Han kom godt ifrå det, i mål som sak!

For nokre dagar sidan fekk eg ordlista, og prenteverket hev, so langt eg kann sjå, gjort godt arbeid. Dei hev gløymt å setja til sitt eige namn – det skal vera med – men dette spelar snaudt nokor rolla for oss. Lysingane på baksida frå 1921 hadde eg ikkje tenkt skulde vera med, men dei gjer vel ikkje nokon skade heller. Med lysingstilskoti til utgjevingi bør ordlista seljast sers rimeleg, og eg trur kr 50 er høveleg for direktesal; kr 60 for sending i posten medrekna porto (porto for 1 ordliste er kr 12, for fleire ordlistor i *ein* pakke mindre pr. bok). Send eit par ord um dette, slik at prisuppföringi allstad vert den same. Sender du tilbod til Norsk Målungsdom, bør dei få 30 % prisavslag (ved kjøp av meir enn 1 bok).

Elles treng du vel tidi komande år til hovuduppgåva?

Beste helsing

*Lars Bjarne Marøy*

Til Vestlandske mållag

Lars Bjarne Marøy

(Dette er ei lett retta og påvølt utgåva av brev til Vestlandske Mållag  
av 28 mai 1993. Det ser ikkje ut for at dette brevet hev vore framme  
til dryfting eller drege etter seg noko vedtak.)

I mesteluten av mi tid som målmann - frå sekstanårsalder - hev det svive meg at det var eitkvart åfått med stavemåten i heimemålet vårt. I granskning av målføri våre, av gamalnorrøna og av islandskt og færøyskt skriftmål i dag kom eg meir og meir til at skrivemåten i desse måli høvde mykje betre på vårt mål enn den meir dansk-svenske som ligg til grunn for Aasen-målet. Alt fyre krigen 1940 - 1945 kom eg til at dette avviket frå norrøn skriftarv var til skade for målet, og at det måtte rettast um ikkje målefuskulde forkomast. Eg var tidleg i brevskifte med professor Gustav Indrebø um dette, og han gav meg ålment rett i anke-måli mine. Dei umbøterne eg meinte trøngst den gongen var nett dei same som eg held på i dag, og lagnaden åt målet i etterkrigsåri hev gjort meg endå vissare i det. Målet hev vore i stendig og snarleg uppløysing i alle desse åri. Eg meiner no som fyrr, at skal målet bergast må skriftbunaden takast upp til etterrøkjing og vøling alt ifrå botnen. Eg meiner Vestlandske Mållag er den rette til å gjera dette arbeidet.

Her er då ei liti og fyrebils yversyn yver umbøter eg held for å vera livsviktige.

#### A. vokalar

1. Den einfelde dansk-svenske vokalrekka må skiftast ut med den tvifelde norrøne, med ljodstrik yver gamle lange vokalar (a-ā, e-é, i-í, o-ó, u-ú, y-ý, og dertil æ og ø). Dette løyser ei mengd med tvilsmål og vanskar i samband med open og trøng framburd.
2. Dei gamle norrøne utljod-vokalarne i-a-u må haldast uppe på skrift (endi - auga - øyru). Samhøvet syner best i Sørvest-norsk.
3. Slepte n-endingsar, av gamal -in, -an, -un, må merkjast av med langvokalar (sólin - sólæ, sialdan - sjeldá, augun - augó).
4. Samhøvet millom j-fengen (palatal) framburd av G K og etterfylgjande vokal må rettast upp (fyre æ, e, é, i, í, y, ý, ø, ei, øy) med stavemåtar som "kær, kenna, kél, kista, kípa, kyssa, kýta, kóva, keisar, kóyra" utan nokon hjelpe-j. Fråvik i i-ending kann merkjast med " (trema); t. d. styrki men sterki(styrtje, sterke)

#### B. konsonantar

Av umsyn til samhøyrsla med formål og grannemål og innre samband tek skriftmålet med mange teikn som ikkje er høyrande i talemålet.

1. D T. Der desse ikkje er høyrande vert det skrive ð (edd), etter gamal th. Dóme: Dað, augað, húsið, hovuð, annað, kastað(i), tekið.
2. R. Ikkje høyrande i ord som "ettir, undir, yvir" (l. ette, ónde, yve) "fyrst, störst" hevir, gerir l."hæve, jere" o. fl. Hjelpefeikn til å merkja sovore burtfall kann vera ein prikk innunder bokstaven (r, l).

#### C. tonelag.

Skilnaden på einstavings- og tvostavings tonelag er ikkje tilgodesédd i vanleg rettskriving. Ei hjelpe kann vera a. I samansette ord å hava bindestrik der fyrsteleikjen hev einstavingstone (t. d. inn-komin mots. innkoma) eller bøge uppyver ei ending som ikkje brigdar einstavingstonen, t. d. eldrið, húsið, fagur, bokur. Dette berre der ordet er i trykkstoda, og berre som hjelpefeikn. (\* av di maskina vantar den nemnde bogen).

Nedre Smöråsflaten 10 5045 Skjoldtun den 15 januar 1994

Med helsing

Egil Lehmann

Jostein Krokvik  
6143 Fiskåbygd

4.4.1993

Gode Lars Bjarne Marøy.

Takk for brev - 2 stykke. Og for tilfang til Vestmannen. Det er sers bra med eit innhald i bladet, trur eg, som femner um fleire emne og er noko manglagt.

Eg ser du hev vore inne på å kjøpa datamaskin, men det kann sikkert vera tilrådeleg å venta, slik du nemner. Det hev jamt kome eitkvart nytt på den fronten, og prisane so langt hev helst hatt lag til å sigma nedetter. For min part brukar eg ei Macintosh datamaskin (sers liti og rimeleg), og eg er godt nøgd med Macintosh-typen. Eg tykkjer Macintosh er lettare å handsama enn dei andre, serleg sidan eg skriv satsen til Vestmannen - med mykje bruk av sokalla *mus* i staden for funksjonstastar. Men dette kann sjølv sagt vera tale um vane.

Å skriva stutt er vel ein like stor kunst, minst, som å skriva langt, og det krev knapt mindre trening. Du hev nok sett døme på endelaus langhalm som det kann vera eit fælt slit å lesa igjenom, og der det ikkje er råd alltid å finna poeng same kor lenge du leitar - truleg hev dei påmeinte poengi stundom drukna. I blad er det ikkje alltid berre ynskjeleg å skriva stutt, det kann vera eit ufråvikeleg krav sidan plassen er avgrensa, og av og til bør det skrivast etter mål, til dømes 15 linor, for å fylla ei luka. Men slikt lærer ein seg kjapt til, og i grunnen vert det ikkje noko stort problem. Eg synest elles du hadde eit fint utval med både stutt og mindre stutt i det siste du sende hit.

Du undrast på kva som som krev mest av tid og strev, skriving eller redigering når det gjeld Vestmannen. Og eg må vel sejja at skrivingi krev mest tid. Men hev du noko å skriva som du innbiller deg er verdt umaken, kann vel skrivingi av og til på eit vis gjeva mest att for strevet. Jamvel um det berre er på det innbilte planet! Redigering - og prentesatsskriving av manuskript frå andre - vert mair rønt uti arbeid. Men dette er sidan også viktig -

Eg sender attende "Skilnaden millom det nasjonale og det sosiale?" Teksti er er innførd på data, men eg hev eit par merknader. Setningi nedst på s. 2 er uklår, og dei fleste vil halda teksti for sjølvmotsegjande: "*Språkrådet bør etter vår mening opna upp for ei opnare form med mindre valfridom*". Skal Språkrådet opna upp eitkvart, ligg det i saki at dette vert opnare. Språkrådet bør vel heller *godkjenna* eller *tillata* eller *innföra* eller noko slikt. Men hovudankepunktet er at det skal innførast *ei opnare form med mindre valfridom*. Eg trur ikkje nokon lesar skynar kva som måtte vera meint. Skal ei opnare form ha mindre valfridom, kann eg ikkje sjå at formi er opnare. Tvert imot. Eg tenkjer meg at "den opnare formi" ikkje er tenkt å dekkja same saksinhaldet - same språkfenomenet - som "den nedminka valfridomen", men dette kjem ikkje fram i setningi eller i samanhengen. Dette bør klårgjerast på ein annan måte.

S. 4 er nemnt j-uttale etter k og g. Dette hev vore eit problem i nynorsk skriftmål sidan 1850, og det kunde vera vel verdt både ein og fleire artiklar for seg. Men eg trur ikkje det er grunn til å taka det med i dette stykket som i grunnen held seg til andre ting. Den utvegen du peikar på, vil møta lite medhald, og truleg vil det veikja resten av stykket. Til sjølve saki: Ivar Aasen prøvde seg med former som *geva*, *gengr* osb. ei tid på 1850-talet, men han gjekk ifrå det, og ingen som sidan hev bruka kreftene og livet på målet og målreisingi, hev teke dette upp att. Frårekna Lehmann. Gustav Indrebø dryftar spursmålet i Norsk Målsoga s. 415 og s. 458 ff, og han finn saklege grunnar som talar for at Aasen kanskje med gagn kunde ha halde på desse formene. Noko heilt anna er å bryta med måltradisjonen i ettertidi, og føra inn *geva*, *gengr* osb. i dag - ved eit nytt statleg målteknekritisk direktiv? Det er korkje påvist eller sannsynleggjort at j-fri skrivemåte i dag i lengdi vilde halda uppe j-uttale; utfallet kunde like gjerne verta det motsette. Kor som er, eg skriv ikkje her for å slå eit slag i den eine eller andre leidi, men skal eit spursmål som dette takast upp, bør det gjerast på breidt grunnlag og i ein eigen artikkel - og etter min reknemåte helst utan altfor hoggvisse konklusjonar um framtidsfylgjone.

Ja, dette var kanskje noko å slå ned på!  
God påske - um brevet rekk fram fyre påska.

Beste helsing

*Jostein Krokvik*

# Vestmannen

Utgjevar: Vestmannalaget, Bergen

Bladstyrar	: Jostein Krokvik,
	: 6143 Fiskåbygd
Telefon	: (070) 21 429
Forretningsførar	: Helge Liland
	: 5065 Blomsterdalen
Postgiro	: 4 25 63 92
Bankgiro	: 8401.21.43029

6143, Fiskåbygd, 30.1.1992

Gode Lars Bjarne Marøy.

Takk for brev som kom tidleg i januar. Du kjem med mange forvitnelege tankar, og du hev truleg rett i - som du kanskje meiner å orda frampå um - at det kunde trengast ein lagsskipnad for høgnorskfolk som betre fangar upp dei unge kreftene enn dei lag som no er. Ja, du hev funne vegen til Vestmannalaget, som driv ei meir aktiv møteverksemd enn noko anna mållag eg kjenner til, men laget er først og fremst eit Bergens-lag, som rimeleg kann vera.

Sidan du sende med kopi av utkast til tenkjeleg innlegg i EG-knytt til "Mål og vanmæle" og meldingi til "Målungsdomen" (=Bård Eskeland), vil eg nok segja at eg trur Eskeland hev rett i at det på 30-talet hadde vorte eit ynskjemål for "bokmålsstaten" å ta brodden av målmotsetningane med tilnærming. Dette m.a. av di målet stod sterkt og var i framgang, og etter dågjeldande mållov var det eit jamt meir påtrengjande krav til "bokmålsstaten" (= embetsverk, tenestemenn, skule m.m.) at nynorsk skulde takast i bruk. Dette vart so utnytta politisk til å avskipa målet innanifrå - med tilnærming til bokmål. Men dette er sjølv sagt berre ein flik av forklaringi til samnorskpolitikken. Sers mange var nok ørleg yvertydde um at målblanding vilde tena nynorsken. Dei fleste vestmennene var både då og seinare for ei norskradikal målreising, og gjekk sterkt imot all tilsikta målblanding, slik du peikar på. Alt i alt tykkjer eg meldingi til Bård Eskeland var god og gagnleg; hovudsaki for meg er at folk vert so vidt nyfikne på boki at dei les innhaldet.

Du nemner Østnorsk Reising, og dette kløyvingslaget slokna burt på 20-talet. I brodden stod Eivind Berggrav, Sigurd Arup Seip og Halvdan Koht. Døi two fyrste enda som bokmålsfolk.

So kjem du litt inn på Norsk Bokreidingslag og bøkene derifrå. Eg kjenner ikkje til at det er skrive stort um dette, frårekna det som kann lesast ut or titlane i ei og onnor boklista. I "Vestmannalaget 110 år" er skrive litt, men ikkje serleg utførleg (denne framifrå gode boki er elles å få hjå Bokreidingslaget, dersom du ikkje alt hev henne). Eg legg ved kopi av eit stykke um Bokreidingslaget frå Vestmannen nr. 8/1989. Eg trur det er det mest utførlege som er skrive til no.

Vensjem helsing

# Vestmannen

Utgjevar: Vestmannalaget, Bergen

Bladstyrar	:	Jostein Krovik.
	:	6143 Fiskåbygd
Telefon	:	(070) 21 429
Forretningsførar	:	Helge Liland
	:	5065 Blomsterdalen
Postgiro	:	4 25 63 92
Bankgiro	:	8401.21.43029

6143, Fiskåbygd, 2. oktober 1991

Gode Lars Bjarne Marøy.

Takk for brev, for kopi av merknaden frå prof. Egil Pettersen, og for det greide innlegget til Vestmannem. Det siste først. Eg sette til ein tittel ("Willy Dahl og skriftmålet"), og førde til signaturen din under - og eg reknar med at det kjem i Vestmannen nr. 8 (sist i oktober). Det er høveleg for Vestmannen både i lengd og innhald, og eg syter for at bladet vert sendt til Dahl.

Merknaden til prof. Egil Pettersen um Bergens-målet er sikkert både rett og råkande nok. Vil Lehmann skriva noko um dette til Vestmannen, er det sers kjærkome. Ordleggjungi til "Jarl" i nr. 6 var so vidt måtehaldande at eg trur ikkje det trengst segjast noko serskilt frå den kanten. Kor godt grunnlag det er for å kalla bergensk (talemålet) "eit dansk-norsk-platt-tysk blandingsmål med rotfeste i dansk", skal eg ikkje ha sagt noko um. Bergensk hev innslag frå dei tri nemnde målstuvane, det er vel klårt nok, men tvil - og kanskje ulike svar - melder seg um det siste, at det skal ha "rotfeste i dansk". For mine øyro er dei norske innslagi sers tydelege, men eg ser ikkje burt ifrå at målførevitarar med bergensk til spesialfelt nett her hev betre øyro.

Eg er gjerne med på at Willy Dahl er ein glup professor. Um du ikkje vert klok på han i eitt og alt som hev med målet å gjera, kann det ha samanheng med at han høyrer til ei aldersgruppa som i ein stor og viktig part av livet - til framimot 80-talet og lenger ustanseleg vart innpoda med den grunntanken at samnorsk og målblanding var det einaste alternativet. Dét var den historiske Sanningi med stor S. No kjenner eg ikkje Dahl, so det eg skriv siktat på det ålmenne, og i allfall sume vil ha vanskar med å gå imot - slik kjenner dei det - det dei tidlegare hev gjenge inn for. Og dette er kanskje endå verre for fagfolk enn for lekfolk (som meg) Stoda er onnørleis for den nye settleden som med tid og stunder tek yver.

Beste hilsning  
Jostein Krovik

# Vestmannen

Utgjevar: Vestmannalaget, Bergen

Bladstyrar : Jostein Krokvik,  
              : 6143 Fiskåbygd  
Telefon     : (070) 21 429  
Forretningsførar : Helge Liland  
              : 5065 Blomsterdalen  
Postgiro   : 4 25 63 92  
Bankgiro   : 8401.21.43029

6143, Fiskåbygd, 24.2.1991

Gode Lars Æjurne Marøy.

Eg hev lese gjenom siste brevet ditt sers umstendeleg, og eg skynnar tankane dine um bjørgvinsk/strikkunnil noho betre enn eg sjorle etter fyrste brevet. Sjølv er eg ikje so vél inue i Bjørgvin-nill at eg hev grunnlag for å ha nokor eigi meining. Men det var tankevekkjande - og for meg nytt - at det ekte talemålet i Bjørgvin både skil ut bokyn og skil ut i-ord og a-ord: bokm - gat'n; solm - vis'n. Ir dette rett, hev du vel grunnlag for å hevda at i grunnen er Bjørgvin-nillet eit i-mål. Ellas hev vel same meinat (og det vert ikkje motsagt av det du skriv) bokmåndin jone i Bjørgvin-nlet ikkje hev noho hovudgrunnlag i forhakning, men or framvukne fr grunnloesk (solm - visan), sjølv sagt ða i vekselvirknad med dei kringliggjande byggmæli (strikkunillet).

In hev rett i at det vilde vera bra um einkynn med fugkunnskap nok, ville skriva um dette, helst ða i eit leseleg lefte for folk flest. Du meiner Sigurd Sandvik, og um han ser seg syn med ði gjenn eit slike arbeid, vil eg berre vora at dat er lukka!

Hod vennam helsing

Jostein Krokvik

# Vestmannen

Utgjevar: Vestmannalaget, Bergen

Bladstyrar : Jostein Krokvik,  
              : 6143 Fiskåbygd  
Telefon     : (070) 21 429  
Forretningsforar : Helge Liland  
              : 5065 Blomsterdalen  
Postgiro   : 4 25 63 92  
Bankgiro   : 8401.21.43029

6143, Fiskåbygd, 10.2.1991

Gode Lars Tjørne Marøy.

Takk for brev t som eg las med interesse og glede. Du er i dje den fyrste frå Bjørgvin som kjenner draga til i-mølet. Ein bok i ungdomen arbeidde eg på kontor ler i byen, og eg høgga at kontorsjefen - som elles brukta bokmål slik han var tillært - fortalte at han ikkje kunde noko med n-nøflet, men i-mølet tykte han veriat var nydelig. Det same sa skulekameratér derifrø (i 1950-åri).

Like forunderleg er det at du tykkjer nøflet vert meir levande med skrivemålene um, burt, upp. Eg hev gjort den same reynsla, endå eg er uppfloksa med om, bort, osj.

Eg veit ikkje kva slags studium du held på med. Den du skjøn mykje inn på "Jørgvin-dialekten", og eg vil minna um at Arnund S. Larsen skreiv um denne dialekten - eg trur i 1912. Eg dot er sikkert skrive arbeid seinare, som let seg finna på biblioteket herom du skulle sjå dei; tid og have til å sjå i dei. Njil Schiann skreiv ei bok i fjor, "Reise dat som velt er", på lorsk tokreidingslag. Den bokt ville du kanskje ha glede av å lesa; tilstrift til lorsk tokreidingslag er østboks 272, 5026 Bergen-høhlenpris; prisen er 115 kronor.

Ja, eg veit ikkje kor dette fell i ink, men det er godt meint. Du held val Vestmannen, men eg legg ved siste nummer - du før heller gjova det til einkvan (studentpris er 100 kronor året). Jo legg eg ved eit par andre hefte til å kika i når lyst og tid måtte høva.

Som du ser skriv eg du. Det brukar eg til alle, og eg ser best at det same vert bruka til meg. For ein som steller med eit blad som Vestmannen, er det umfragt gledeleg å få brev av det slaget du sende. Takk! - og tutken til i et du driv med!

Venskap helsing  
*Jostein Krokvik*

# Vestmannen

Utgjevar: Vestmannalaget, Bergen

Bladstyrar	: Jostein Krokvik.
	: 6143 Fiskåbygd
Telefon	: (070) 21 429
Forretningsførar	: Helge Liland
	: 5065 Blomsterdalen
Postgiro	: 4 25 63 92
Bankgiro	: 8401.21.43029

6143, Fiskåbygd, 18.4.1992

Gode Lars Bjarne Marøy.

Takk for brev og manuskript til "Tuftekallen". Manuskriptet er noko langt, og det som skal leggjast fram munnleg, høver ikkje alltid like godt i same form i skriftleg. I Vestmannen trur eg difor at det kann vera ynskjeleg å utelata sumt - eg tenkjer helst på dei siste 1½ sidone, der det er noko tale um norske skriftmålsverdiar og norsk estetikk m.m. Her tykkjer eg ikkje alt er like klært og like haldfast (men framlagt munnleg og med munnleg utfylling kann det sikkert vere greidt nok.) Vonleg kann stykket koma med fyre summarferien, men eg hev ikkje retteleg yversyn enno.

Dei misskrivingane du nemner, rettar eg. Ordet årestad som du peikar på, er den norske nemningi for den danske arnested (eldstad) - dette dersom Aasen og den etymologiske ordboki mi segjer sant, og det gjer dei nok. Eg set elles til nokre komma og tek burt nokre bindestrekar i - samansette ord som etter mitt skyn like godt kann skrivast i eitt (som mål-politikk, høg-norsk, sam-norsk-politikk o.fl.). Noko anna reint småplukk finst vel i tillegg, men knapt nemnande. Eg merkar meg at du eit par gonger skriv imedan i bokmåstydingi imidlertid, utan at det er tale um tidi. Dette er framandt for meg, og etter ordbökene er det framandt i norskørt mål(norsk imedan viser til tid = i millomtidi, dessimillom, medan). For bokm. imidlertid utan tanke på tid, høver det oftast best med nyn. likevel, endå, men e.a. No hev eg lagt merke til at nokre få målskrivande hev nytta ordet imedan på den måten som vert frårådd ovanfor. Rart nok er dei som eg hugsar i farten frå Bergen, men um dette er rein slump eller ei, veit ikkje eg.

Eg ynskjer lukka til med vesmannalagsmøtet 25. april. Og vonleg er ikkje mølarbeidet til meins for studiet - etter det eg skynnar trengjer studiekrev seg på no i vår.

Med vensam helsing  
*Jostein Krokvik*

Jostein Krokvik  
6143 Fiskåbygd

30.6.1992

Gode Lars Bjarne Marøy.

Takk for brev med vedlegg. Innleggi er høveleg stutte for Vestmannen; då vert det lettare både med plass, og å få eit visst mangfald i innhaldet. Dei er heller ikkje knytte til noko visst tidspunkt - dei vert m.a.o. ikkje lett for gamle. Men eg ser du arbeider med fag/eksamenshøsing, og dette må sjølv sagt koma i fyrste rekka.

Når eg skriv no, er det helst for å svara på spørsmåli dine um marg - elles kann det verta gløymt.

Margen (høgremargen) i manuskript hev eg aldri brydd meg med, og det trengst heller ikkje. Spørsmålet melder seg først for setjaren/prentaren av eit skrift eller blad, og òg vert vel til vanleg ordna i samråd med bladstyraren. Frå gamalt hev det vel helst vore fast skikk med rett høgremarg, og det hev eg gjerne halde på i Vestmannen, serleg fordi eg tykkjer sidone verkar meir velflidde - og fordi det er plass-sparande. Men sume andre blad hev gjort eit anna val. Rett høgremarg er ikkje heilt einerådande i Vestmannen heller; sjå t.d. på prosalinone i nr. 5 s. 7 yver diktet "Furo og palma\*".

Spørsmålet med rett høgremarg hev vorte noko onnorleis etter datamaskinane hev vorte meir og meir vanlege til setjing av tekst. I dei dataprogram eg kjenner til, kann ein brukar rett høgremarg og "flytande tekst" - dvs. at ordi plasserar seg i høveleg avstand til kvarandre automatisk for å fylla lina. Dette forklårar kvifor det stundom - serleg med lange ord - kann verta få ord og store millrom på sume linor. Skal det brukast orddeling, må dette i slike tilfelle gjerast for hand kvar gong. Men i sume dataprogram er det automatisk orddeling - dvs. at maskinen i ein viss mun deler ord ved lineslutt sjølv. Vil ein ikkje ha rett høgremarg, vert det som i nr. 5 s. 7 - stort sett med same ~~same~~ avstand millom ordi, men med ulikt lange linor.

Men som sagt, dette er problem for dataskrivar og setjær. I manuskriptskriving og brevskriving saknar ingen den rette høgremargen.

Lukka til med eksamen!

Vensam helsing

Jostein Krokvik

# Vestmannen

Utgjevar: Vestmannalaget, Bergen

## Gode Lars Bjarne Marøy!

Bladstyrar	: Jostein Krokvik, 6143 Fiskabygd
Telefon	: 07 02 14 29
Forretningsførar	: Helge Liland Midgeilen 16 5067 Store Milde
Postgiro	0802 4256392
Bankgiro	8401.21.43027

Takk for brev og for uppset som kom i går. Meldingi frå halvårsmøtet Studentmållaget skulde gjerne ha vore med i

11.10.92  
6143 Fiskabygd

Vestmannen nr. 8, men bladet var kome so langt hjå prentaren at det vart for seint å få det med der. Det var elles ei innhaldsrik og gledeleg melding, og eg er glad for at ho kjem i Vestmannen. Finn du emne til småmeldingar/notisar i ungdomslags/studentmiljø, er det kjærkome og viktig. Alt som styrkjer sambandet millom ungdomsmiljøet og Vestmannan/Vestmannalaget er av det gode.

Eg las med ettertanke det du skriv um bruken av ordet gamal. Grovt rekna er eg tolleg samd i det du skriv. Når eg hadde ein liten - og kanskje uturvande - merknad til ordet i stykket ditt, var det helst for å minna um å vera på vakt mot (i flestalle hopeheng gjerne nøytrale) ord som kanskje kann vekkja snev av negative kjenslor um dei i visse serhøve vert knytte til namngjeven person. Ordet ung, kann vel i serhøve ha liknande "lading"! Det er dét tilleggsumsynet at ordet gamal i meir enn 40 år hev vorte brukta medvite usakleg og målpolitisk av samnorskfolk for å få ram på vestmannasynsmåtar; det finst kanskje att såre kjenslor etter slikt, eg veit ikkje (?). No hev eg sendt frå meg stykket ditt, og eg hugsar ikkje heilt bruksmåten av ordet, men eg held det rimeleg at merknaden min med gagn kunde ha vore uskriven. I alle høve må det ikkje takast for nokor ålmenn åtvaring mot ord som gamal/ung o.l.!

Du spør i siste brevet um det er noko i vegen for at du etter-rettar maskinskrivne tekster med blyant. Nei, dette er heilt greidt. Elles er litt større umredigering av maskinskrivne tekster stundom eit problem. Skal heile avsnitt flyttast, let det seg gjera å klyppa dei ut og deretter lima sida i hop att i rett samanheng på eit nytt ark. Men det vert lett eit noko rotut manuskript, og det beste er nok å skriva heile sida um att slik ho skal vera - men det er sjølvsgåt arbeidskrevjande. Er det mindre rettingar, finst det korrekturlakk å få kjøpt til slikt bruk. Du lakkar yver ord eller (helst mindre) setningar, og skriv dei um att rett når lakken er turr. Med datamaskin slepp ein slikt. Då kann du snu og venda på teksti, stryka og retta, alt du vil.

Det er eit stort meinbægje du peikar på i brevet, at mange målungdomar er både uforståande og kunnskapslause um avgjerande kjerne-emne i vestmannalagssoga/aasenmålsoga, ikkje minst striden og tilhøvet millom a-mål og i-mål. Der er òg, trur eg, ei stor feilvurdering hjå sume eldre som tykkjест leva i den hildringi at ungdomen er - eller kann vera - like kunnande um dette som dei sjølv. Denne kunnskapsløysa og innsynsløysa femner forresten ikkje berre um unge; mange som hev lagt bak både den fyrste og den andre ungdomen - ja, me kann trygt segja mange gamle - ferdast i hilderhagar heller enn i den røynlege sogemarki. Nærare 60 års einsideleg og i sumt villeidande smanorskmerkt agitasjon hev sett sine til dels livsvarande merke. Motkrefstene hev fyrst vakse fram med nokon vilje og styrke dei siste åri, og jamvel um samnorskgrunntankane hev sprengt seg i fillor, tek det lang tid fyrre merki av dei vert burte. Eg veit ikkje onnor og betre rådgjerd enn å freista spreida, serleg til unge, Vestmannalagssoga, soga til Vestlandske Mållag, og bøkene til Indrebø og andre som finst hjå Norsk Bokredningslag. Og sjølvsgåt Vestmannen. Um du kann få slikt spreidd i studentkrinsar, veit eg ikkje. Men det hadde vore nyteleg. Eg hev elles i fleire år sakna elementære innsføringskrifter i sjølive målet, høgnorsken, t.d. nyutgåva av gamle hefte, serleg Lars Eskelands formlæra, eg trur helst 1922-utgåva. I denne utgåva finn me hovudsformene i 1917-målet, og eg meiner som Gustav Indrebø (i "Einskap i rettskriving" 1929) at desse formene i hovudsak er ei høveleg utgåva av Aasen-målet å byggja på til landsnorm. Men um det let seg gjera å få heftet ut (det er berre 24 sidor) og spreida det, veit eg ikkje. Elles skriv du sjølv sumt som gjerne kunde koma vidare enn til Vestmannen. Kor ope det er hjå BT, veit eg lite um. Men kanskje Gula Tidend? Eit lite praktisk råd: skriv stutt, då er det lettare for alle redaksjonar å finna plass! Og truleg vil det hjelpa på i ein annsam avisredaksjon um stykki er heilt fullførde med tittel og underskrift (til Vestmannen er ikkje dette so nøgje; det er likevel eg som i alle fall skriv stykki inn på data).

I Vestmannen nr. 8 kjem det eit svar frå Willy Dahl på innleggi dine. Svaret er mykje uppklårande, og - tykkjer eg - sers sakleg. For bladet er det fint med alt som smakar av ordskifte.

Kunde eg få tilskrifti til styremedlemene i Studentmållaget, kunde eg gjerne syta for at dei fær ei prøvetenting på Vestmannen. Marknadsføring og spreidning av bladet er det ofra syrgjeleg lite på, godt som ingenting. Og alle muner dreg. Hev du andre idear um spreidning, tek eg imot dei med takk. Og sjølvsgåt vonar eg på nye stubbar til bladet - når du hev tid og stunder til å skriva.

Beste helsing

*Jostein Krokvik*

# Lars Eskelands mållæra i nyprent

Framifrå tiltak av Norrønalaget Bragr

I sumar kom Lars Eskelands *Norsk Formlæra* i fotografisk avprint. Utgjevar er Norrønalaget Bragr. Lars Bjarne Marøy hev eit nytt fyreord i tillegg til Eskelands gamle. Det er ei bragr som fortener ros at det no endeleg kjem att ei grammatisk hjelpebok for dei som vil læra seg og skriva klassisk nynorsk, høgnorsk. Den vesle formlæra er på berre 24 sidor, men ho er so lettsksrivi, yversynleg og ihoptrengd at kunnskapssøkjande lesarar finn meir nytte tilfang her enn i sume lange og meir utflytande verk. Kjøp, les og bruk!

Formlæra til Eskeland er av dei aller eldste nynorske mållærone me hev. Fyrste utgåva kom i 1892, og sedan kom utgåva etter utgåva. Fyrste norske mållæra var grammatikken til Ivar Aasen (1848 og 1864); so gav Marius Hægstad ut ei liti mållæra i 1879. Lars Eskelands mållæra er ei elementærbok – nett det som trengst. Eskeland hev stort sett norske nemningar i staden for framande – *nannord, gjerningsord, talord* osb. Eit undantak er *adverb*, der sume andre hev nytta *utfyllingsord* eller *tilleggsord*. (*Tilleggsord* brukar Eskeland um adjektiv, der *eigenskapsord* hev vorte det vanlege). Gjerdi med å velja heimlege ord i grammatikk, er slett ikkje sernorsk; danskanane gjer det nøkso regelfast, ikkje å nemna islendingane og færøyværingane.

Ikkje alle i dag veit skilnad på sterke hokynsord (soli) og linne (gata); her fær dei hjelp. (Linne hokynsord hev two stavingar og endar på -a eller -e). Og her fær du friska upp dei tradisjonelle bøygingsrekjkjone for sterke gjerningsord, og kynsbøygjing av eigenskapsord (adjektiv) og fortids partisipp (komen, komi, korne, komne).

1996-utgåva er prenta etter 1918-utgåva. Etter det nye rettskrivingsutkastet hadde kome i 1917, vart Lars Eskeland med i ettersynsnemndi som regelfesta lærebokmålet, og nemndfleirtalet (Eskeland og Olav Brekke mot Halvdan Koht) jenka på sume umstridde former i rettskrivingsutkastet. Det vart soleis lov å skriva *lid, breid, leid, keid* m.m. Dette kjem naturleg nok *ikkje* fram i 1918-utgåva, men det kom fram i utgåva i 1922 og seinare, som hadde høvt betre til underlegg.

Det er grunn til gleda fordi me fekk att ei grunnleggjande praktisk mållæra. Ho trengst minst like mykje i 1996 som i 1892! Takk til Lars Bjarne Marøy og Norrønalaget Bragr! Det trengst no med kvart fleire høgnorske grunnskrifter – som ei ordlista, uppattprenta eller helst nyskrivi.

Jostein Krokvik

Vestmannen  
Jostein Krokvik  
6143 Fiskåbygd

27.6.1996

Gode Lars Bjarne Marøy

Takk for den nyprenta *Norsk Formlæra* og ymse manus. Storparten av dette er umtala i telefonen, og eg førde yver ein pengesum frå Vestmannen til bankkontoen åt Bragr. Eg legg òg ved kladd til umtala av Formlæra som eg reknar med å bruka i Vestmannen til hausten.

I umtala nemner eg so vidt det punktet som du nemnde til meg tidlegare. Eg skyna det ikkje retteleg fyrr eg fekk heftet. Eg trur ikkje det gjer so mykje, men for meg er det ei gåta at 1918-utgåva vart nytta til underlegg og ikkje 1922-utgåva. Eg hev liggjande ein gammal x)kladd til fyreord som eg truleg sende deg for 1-2 år sidan, og den kladden er tydeleg bygd på 1922-utgåva – som eg må ha lånt av Sandvik. Eg veit ikkje av at eg kunde ha tilgang til heftet annan stad ifrå. Umbytet av utgåva hev eg ingi forklåring på, og det spelar heller ingi rolla no.

Kallekleiv driv kanskje ikkje noko større med bokprenting? Her er eit par "bommertar" som eg ikkje nemner i umtala, men som eg vil nemna her – det kann koma til nyttes når du stend for utgjeving neste gong, for dét kjem du nok til å gjera. 1) Kolofon-teksti (stutte forlagsupplysningar) stend til vanleg på s. 2 (på same sida som namnet til prentaren no stend) og er alltid, det eg hev sétt, skrivi med smått og vanleg prent (her er kolofonen med stort prent, halvfeit skrift og jamvel understreka. At teksti stend på innsida av permen kunde no vera greidt nok, men det hev litt å segja for biblioteksregistrering o.l., dei vil gjerne ha desse upplysningane på fast plass i alle bøker). 2) På tittelsida (s.1) bør stå, med noko større og tydelegare prent, namn på utgjevar, utgjevarstad og år (dette vantar på den faste plassen i Formlæra. Jamfør t.d. "Mål og vanmæle" eller ei onnor av dei nokolunde nye bokreidingslagsbøkene).

Eg skreiv ikkje um dette fyreåt, for eg tenkte at um du ikkje såg deg tid til å senda korrektur av dei nye sidone hit, so samrådde du deg i tvilsfall med t.d. Jon Askeland. No trur eg ikkje at lesarar flest ofrar noko av dette ein tanke, berre folk som hev nokon fagleg kjennskap til bokprenting/bokutgjeving.

Vensam helsing

Jostein Krokvik

x) Eg legg ved kopi av kladden.

Jostein Krokvik  
6143 Fiskåbygd

27/6-1993

### Gode Lars Bjarne Marøy.

Takk for brev. Det innlagde brevet til Vladimir L. Puzatov vart sendt straks. Du fær ei viktug uppgåva med å taka deg av han dersom det vert so at han kjem til Noreg; Vestmannalaget bør vera raust av seg i eit slikt høve. Ei bokgåva burde han vel få, kanskje ei signert "Vestmannalaget 110 år" ? Lukka til!

Fyrr eg kjem inn på sumt som du nemner i brevet, tek eg med nokre ord um vedlagde "Uppgang og nedbrot" som eg sender attende. Eg tenkte å ha det med til Bergen, men eg rakk ikkje lesa det nøgje nok på fyrehand, so eg let det vera. Du fær orsaka at eg kanskje kjem til å ordleggja meg utan umsveipor. Stykket er, meiner eg, for lite gjenomarbeidt. Her er mange påstandar som snaudt er grunngjevne eller sannsynleggjorde. Språkleg hadde stykket òg tolt ei kritisk og grunnfarande vøling.

"Tenestemennene spekulera i at målbrigdesaki..." osb. (s. 1). No skal me ikkje setja *tenestemennene* under ein hatt; det fanst og finst alle tenkjelege avskyggjingar og glidande yvergangar. Det er tale um *sume tenestemann*, eller *ein flokk av dei*. Det som det gjeld, er i grunnen korleis sjølve sammorskpolitikken kom til å verka; framala han at (negative) tenestemann kunde nytta han mot målsaki ? Å jau. Ei rad statlege embetsmenn trong elles ikkje spekulera serleg i sammorskpolitikken; i strid med lover og regelverk neglisjerte dei blankt nynorsken; sume gjer det til dels enno. Les t.d. "Rett og urett" av Gustav Indrebø um Indrebø-saki og "Tenestemennene og dei offentlege påbod um målbruk" (Bergen 1934).

"Målumboti i 1938 ... eit hastverksvedtak" (s. 2). Dette bør problematiserast. Riksmålsfolk reagerte *minst* like sterkt som målfolk på målbrigdet. Og hastverksvedtak? Grunnlaget er ettervisleig fleire tiår attetter. Målbrigdet var kanskje "lite vesentleg" for sernorsk målestetikk, sidan brigdet reint konkret galldt skuleskriftmålet. Men derifrå slo det snart ut i munnleg målestetikk, med di i-målet etter kvart minka snogett i offisiell taleverksemd. At folk reagerte sterkare etter kvart som dei såg fylgjone av brigdet, er innlysande. Fyrr fylgjone tok til å syna seg, måtte det heile verta på eit teoretisk og prognostisk plan. Korleis den "sosiale framgangen" frå 30-talet verka i målvegen, er vel ei sak som må saumfarast nøgnare fyrr noko visst eventuelt bør segjast; truleg er det ei mykje innfløkt og mangsideleg sak.

Elles hev eg ført nokre merknader på sjølve manuskriptet, m.a. eit par reint språklege. Meir kunde segjast, men dette fær klara seg. Når det gjeld gjenomarbeiding av manuskript som skal på prent, tek eg det for eigen part slik: fyrste versjonen reknar eg for ein grovkladd, og dersom eg ikkje etter kritisk aumfaring og umarbeiding tykkjer eg fær toleleg skikk på innhald og mål, endar det stundom i boskorgi. Fyrst versjon nr. 2-3-4 kjem på prent. Og stundom kann det verta ein versjon nr. 5 eller 6 (ja, 6 versjonar er sjeldsynte). Etter eg fekk datamaskin er slike rettingar og gjenomarbeidningar mykje kjappare og lettare enn tidlegare. Men i alle tilfelle er det arbeid som bør og må gjerast.

Sø til brevet.

Utsegnene av (Rolf Theil) Endresen som du nemner, hev eg visst ikkje lese - eg reknar med at dei er å finna i Endresens bok i "Språkvitenskap", red. Even Hovdhaugen, som eg berre hev havt tid å sjå lausleg i. Eg fær visst ikkje tid å lesa boki skikkeleg heller. Det kunde vera moro å høyra kor dei mest markante utsegnene lyder, sidan du meiner målungdom og vestmenn "hev kjent seg tvinga til å godtaka argumenti".

Kanskje er der noko i at "målungdomane og vestmennene hev vore for rettshavarske og for lite opne"... til å argumentera slik at dei viser grunnlaget for sammorskagitasjonen hev vore feil. Likevel tel det kanskje meir enn all verdsens argument at folk med eigne sansar hev sett og røynt dei lâke fruktene av sammorskpolitikken. Men eg skynnar du fyrebûr eit teoretisk åtak på sammorsk/Venås/riksmålstilhengjarane, og eg ser fram til at det kjem. Eg er ikkje viss på kva for fråsegn frå Studentmållaget i Oslo du siktat til - eg må vel ha lese henne, men hev truleg lagt henne vekk. Eg er samd i at supinums/perfektums-i må tolast, og denne i-en hev dertil visse fyremuner framfor e; i sume målføre vert han bruka utan samsvarbøygning (han, ho det, dei er heimkom i). E-infinitiv lyt vel godtakast som ei valfri regionalform, same um a-infinitiv kjem frå gamalnorsk og stend sterkare enn sume trur - i refleksiv infinitiv stend a-en fast i mange målføre som hev e i aktiv (finne og møte, men finnast og møtast).

Eg skynnar ikkje kva du hev i tanke med *sosialistisk målpolitikk*. Etter det eg trur å vita finst det ingen ålmenn sosialistisk målpolitikk, dersom meinangi då ikkje er *folkeleg mål*. Og dét hev godt som alltid vore eit mynster for nynorsk. Den sokalla sosialistiske målpolitikken som Koht og sume sernorske partipolitikarar stod for, med målkonstruksjon av handplukka statlege teknokratar, hev vonleg spela frå seg. Freistnaden i Sovjet i same leid, vart sers stuttvarande og avglad tidleg på 30-talet. Derimot skal eg vera samd i at målrørsla kanskje stykkevis gjerne kunde skifta nasjonalitetsforståing. Visse slag nasjonalromantisk argumentasjon verkar i dag heller tom, um truleg verst på ikkje-språklege felt.

I eit tidlegare brev (utan dato) skriv du um Svein-Erik Rubaceks stykke i TAL um dei gamle vestmennene. Jan Prahl skreiv Ny Hungrvekja i 1858. Året etter skreiv han kanskje ei utgreiding i Dølen på tilnærma same målet (kven den anonyme forfattaren var, er ikkje heilt visst). På 1860-talet skreiv han nokre få dikt på "halvt gamalnorsk", men diki var ikkje tenkte til prenting og vart heller ikkje prenta fyrr etter Prahl var burte. Det Prahl seinare skreiv og som er kjent - ei umsetjing og eit brev, prenta etter han var avliden - var på Aasen-mål. Rubacek legg danskehat til både Prahl og Krohn. Prahl nekta sjølv for at det fanst danskehat i det han skreiv, og eg trur nok han hev rett. Krohn skreiv krassare, men det treng ikkje vera danskehat um han var imot at nordmennene skulde leggja seg burt i den dansk-tyske krigen, og um han skildra sognhendingar med heller kvasse ord. Det er t.d. ikkje tyskarhat å segja at Tyskland heldt Noreg hersett og nordmennene undertrykte i tidi 1940-1945!

Ivar Aasen hadde vel freistnader på eit normalmål alt på 1850-talet, med "Prøver af Landsmalet" (1853), "Ervingen" (1855), "Norske Ordsprog" (1856) og kanskje serleg umsetjingi "Fridtjofs Saga" (1858). Men som han sjølv skreiv, dette var *freistnader*. Vestmennene fylgte i hovudsak Aasen-formene - men dei fekk ikkje noko eige blad fyrr i 1865 (Ferdamannen) og sidan i 1868-1879 (Fraa By og Bygd). Aasen brigda på sume skrivemåtar etter kvart, og vestmennene fylgte han. Det endelege Aasen-målet låg fullført, reknar dei, med 2. utg. av ordbok (1873) og "Heimsyn" (1875).

Ja, dette vart både langt og krunglut. Og endå skal eg koma med ein liten hjartesukk. Slik eg ser det, treng nynorsk, soleis som stoda hev vorte, (minst) two jamstelte og valfrie grunnformer av det offisielle skriftmålet, der hovudskiljet er i-former og a-former. Ei einaste og i eitt og alt *eins* målutgåva er det ikkje grunnlag for, og det er heller ikkje ynskjeleg (med dagsens røynde styrketilhøve vilde det tyda endeleg likvidasjon av i-målet). Med ein slik typologisk jamstelt valfridom til fyresetnad, er det, i dagsens stoda då klassisk nynorsk - høgnorsk - er i livsfære, langt større grunn å mana dei fātalde på vår fløy til indre samling og sjølvdisiplin enn det var i 1929 då Gustav Indrebø kom med si kjende og verknadsfulle utmaning i Firda Folkeblad. Det einast tenkjelege samlingsgrunnlag er no som då hovudformene i 1917-målet - i dag med visse konsesjonar av adiaforisk slag til seinare innførde former, som t.d. supinums/perfektums-i, lek, kresen, sete o.a. Ein viss avvikande variasjon på reint målføregrunnlag må tolast og er truleg berre gagnleg, som serformene til Arne Horge. Men æveleg kjephestridingi er ikkje berre skadeleg, men kann i verste fall verta øydeleggjande. Ein treng ikkje ustanseleg finna upp att det kruet som er uppmunne fyrr. Og ein treng heller ikkje ustanseleg驱ra på og prøva um att det som Aasen prøvde og vraka. Det fører berre til meir pulverisering av det som nærmast er i pulverbform frå fyrr. No skal eg ikkje segja at det er mange med kjephestar på stallen - nokre hev falle ifrå etter kvart - men alt i alt er me so få på vår fløy at det skal ikkje mange til fyrr det gjer verknad. Dei ramaste riksmålsfolk synte meir gangsyn og større evna til indre disiplin på sin kant, med store sigrar i fylgle; dei tviheldt ikkje på *slett* alt gammalt i 1952, men samla seg kring Øverlands blå ordlista, som trass i alt godtok nokre (sers få) nye former, som m.a. *deg, meg, seg, gjennom, mellom*, eit fātal *a-ord* (visst kring 200 ord) m.m. Kjephestidarane som vilde gå lenger der i garden, enda gjerne på lesarinnglegsplass i Aftenposten.

Desse siste tankane skulde vel kanskje helst vore skrivne i Vestmannen, men der måtte eg nok ha ordlagt meg noko rundare og meir varsamt. Det er lett gjort å få einkvan til å kjenna seg støytt, og det vilde ikkje vera bra. Det trengst å halda i hop.

God sumar!

Beste helsing

Svein Rubacek

V. Svein  
Rubacek  
megarmer

Jinne Reladdan  
skrevem for  
et par år siden  
J.W.

## Norsk Formlæra 1922

Lars Eskelands *Norsk Formlæra* hev vorte utsend i eit utal upplag og utgåvor etter bok kom fyrste gongen på 1890-talet. Den vesle bok - eller rettare det vesle heftet - er sers lett og yversynleg; innhaldet er nedstytt til eit minstemål, men hev likevel med viktige grunndrag. Formlæra vart nytta i folkeskule, ungdomsskule og annan skule.

Me prentar eit lite upplag av 1922-utgåv av di sume hev sakna ei stutt og littleseleg rettleiding i klassisk nynorsk - av sume kalla høgnorsk - med i-mål og hovudformer frå 1917-målet. Det er ei fyrste-innføring, sers elementær.

Ei ettersynsnemnd bægde av for verste brigdi som var påtenkte i 1917, slik at obligatorisk lærebokmål vart betre enn det ei tid var grunn til å ottast. I ettersynsnemndi sat nett Lars Eskeland, saman med Olav Brekke og Halvdan Koht. Dei two fyrstnemnde var fleirtalet. Alt greidde ettersynsnemndi likevel ikkje avbægja. Sume vil halda på målsamsvar og skriva *snaud* og *snøyda* likso vel som aud og øyda, *andsvar* likso vel som andror, *stød* likso vel som stad, *løde* likso vel som føde. Men med sumt slike i bakhand hev mange tykt - serleg jamført med det som sidan skulde koma av offentleg mål - at hovudformene i 1917 berga det meste av grunnvesten i det norskrøtte skriftmålet. Lars Eskeland sjølv kalla det eit høveleg skriftmål for nynorsken - i *Framvegar og avvegar for norsk målreising*, 1936. Og professor Gustav Indrebø skreiv at det var ei einingsmakt og ei styrkjingsmakt - i *Einskap i rettskriving*, 1929.

Lars Eskeland brukar helst norske nemningar for framandord i grammatikken. Han skriv *fyrrtid* for det som med kvart helst hev vorte til *fortid* - for dei som då ikkje plent vil skriva *preteritum*. Han skriv *tilleggsord* um adjektiv, men vanlegare no er det vel å kalla denne ordklassa *eigensskapsord*. For adverb vantar norsk nemning hjå Lars Eskeland; sume hev her nytta *utfyllingsord* eller *tilleggsord*.